# ÅRSRAPPORT 2021

## MED RAPPORT FRÅ SKOGBRUKET I ROGALAND




SKOGSELSKAPET
I ROGALAND

# Dette er Skogselskapet

Det norske Skogselskap er ein landsomfattande ideell medlemsorganisasjon, som jobbar for å fremma forståing for skogen si mangesidige betyding. Skogselskapet i Rogaland vart stifta i 1899, og er i dag eitt av 16 fylkeslag.

Skogselskapet i Rogaland jobbar for at alle skal ha glede av skogen sine unike eigenskaper, som kjelde til bærekraftige ressursar, som klimaregulator og som arena for friluftsliv og artsmangfald.

Informasjon og formidling står sentralt i Skogselskapet sitt arbeid, med aktiviteter for barn og unge som hovudsatsing. Organisasjonen er både en stolt tradisjonsberar og ein framtidsretta pådrivar for grøn omstilling. Vi meiner aktiv og bærekraftig bruk av skogen er viktig for å oppretthalde levande bygder, og jobbar for retten til bærekraftig hausting frå vår viktigaste fornybare ressurs. Skogselskapet vil fremja verdiskapning gjennom kunnskap og ansvarleg forvaltning, og vårt haldningsskapande arbeid retter seg derfor mot både næring, myndigheiter og allmennheita.



*Vedkløyving på Limagarden hausten 2021. | Foto: Kjell Terje Skrunes*

Som ideell medlemsorganisasjon treng og jobbar vi for støtta frå våre medlemmer, og vi inviterer alle med interesse for skog og naturbruk til å melda seg inn i Skogselskapet. Som medlem får du tilsendt fire utgåver årleg av medlemsbladet Skog og Miljø, samt vår årsmelding med skogstatistikk og fagartiklar. Vi deler òg skogfagleg informasjon og inviterer jamleg til samlingar. Med støtte frå våre medlemmer ønskjer vi å vidareutvikla aktiviteten og nedslagsfeltet vårt i åra som kjem, og å veksa som samfunnsaktør og ressurs for heile regionen.

**VISJON**
Alle menneske skal oppleva skog som ei verdifull kjelde til livskvalitet.

**MÅL**
Skogselskapet skal gjera synleg skogen sin store samla verdiskaping for næring, klima og samfunn gjennom ei ideell, langsiktig og global verksemd. Klima og helse står i fokus.
Vi ønsker å synleggjere skogen som verdiskapar, miljøarbeidar og tradisjonsberar.

**STRATEGI**
Formidla fagkunnskap om skog og tre til skole, skogeigarar, politikarar, styresmakter og samfunnet.

**REDAKSJON:**
Kjell Terje Skrunes,
Skogselskapet i Rogaland

**LAYOUT OG TRYKK:**
KARMØY TRYKKERI AS
**OPPLAG:** 350

**FORSIDE:** Elevar frå Sviland skule på den nasjonale skogplantedagen i Svilandskogen. mai 2021
**FOTO:** Kjell Terje Skrunes

**BAKSIDE:** Annonse



# Leiar



*Foto: Privat*

Skogselskapet i Rogaland er eit av fylkeslaga i den store skogfamilien som høyrer til Det norske Skogselskap, samtidig som Rogaland er ei sjølvstendig juridisk og økonomiske eining.

Kva er føremålet til skogselskapet? Det er; å fremja skogen som kjelde til berekraftig og fornybar ressurs, skogen som viktig arena for mange typar friluftsliv, skogen som habitat for mange ulike fuglar, insekt og dyr. I tillegg har Skogselskapet ei særleg oppgåve med å visa barn og unge gleda med skog og dei viktige funksjonane skogen har.

Styret har fleire nye styremedlemmer og har difor brukt tid til å gjera seg kjent med selskapet og samtidig starta arbeidet med å staka ut ein kurs for vidare drift .

Me er ute av pandemien men likevel er verdssituasjonen uroleg med krig i Europa for første gong på lange tider.

Økonomien i selskapet er framleis anstrengt, og styret arbeider med å kutta kostnader der det er mogleg og samtidig sjå etter nye inntektskjelder. Her treng me hjelp av alle medlemmer av skogselskapet til å finna gode prosjekt eller tiltak som kan gjera at selskapet etterkvart blir økonomisk friskmeldt.

På den positive sida har me fått ein sponsor for skuleskogdagene i Njåskogen som blir gjennomført kvar vår. Dette er eit ressurskrevjande arrangement over mange dagar. Her har me fått til eit samarbeid med Jæren Sparebank, førebels for tre år, som sikrar dette tilbodet. Slike avtaler treng me fleire av.

Me er ein medlemsorganisasjon og dette treng me å lyfta opp saman. Medlemsverving er på agendaen på kvart styremøte, og me treng fleire nye medlemmer. Har du nokon i familien, naboar eller kollegaer som er glad i skogen, verv dei som medlemmer!

Me er optimistar på skogens vegne for tida. Fleire og fleire innser kor viktig skogen er for klimaet og kor viktig råvareressurs skogen er. Prisane på tømmer er for tida svært høge og viser at skog er god butikk når den vert skjøtta rett.

Sjølv har eg aldri hatt fleire førehandsbestillingar av ved enn denne våren. Årsaka er sjølvsagt dei høge straumprisane, men kanskje folk i større grad og vil setta pris på den flotte råvara ved faktisk er.

Eg vil takka dagleg leiar og styret for godt samarbeid i mitt første år som styreleiar. Me ser framover og har tru på at Skogselskapet har ein viktig funksjon og rolle i Rogaland!

**Christian Aasland**
**styreleiar**

# Innhald

**Leiar** .......................... 3
**Styret** .......................... 4
**Verksemd** .......................... 4
**Eigedomar** .......................... 6
**Vedtekter** .......................... 7
**Årsrekneskap** .......................... 8
**Revisjonsberetning** .......................... 13
**AS Skog rapport** .......................... 14
**Rog. Skognæringsforum** .......................... 15
**Art: Sukker frå lokal skog til Dagros** .......................... 16
**Art: Sånne som Matias vokser ikke på trær** .......................... 18
**Skogåret i Rogaland 2021** .......................... 19
**Skog og skogbruk i et framtidig klima** .......................... 21
**Skogstatistikk** .......................... 22

Verksemd

**STYRET**
Etter årsmøtet 16. september 2021 er styret samansett slik:

| STYREMEDLEM | KOMMUNE | PÅ VAL ÅR |
|---|---|---|
| Christian Aasland (leiar) | Time | 2024 |
| KristoferTveiterå (nestleiar) | Suldal | 2023 |
| Inga Ø. Apeland | Vindafjord | 2023 |
| Karin Repstad Spanne | Stavanger | 2024 |
| Per Helle | Tysvær | 2022 (fylkestinget) |
| Rasmus Hagalid Stokkeland (1.vara) | Hjelmeland | 2022 |
| Mathilde Grimsby (2. vara) | Tysvær | 2022 |
| Jan Erik Larsen (vara for Per Helle) | Tysvær | 2022 (fylkestinget) |

I 2021 blei det halde 6 styremøte, fire digitale og to fysiske. Det blei behandla totalt 69 saker. Årsmøtet, som normalt blir halde på våren, blei av omsyn til smittesituasjonen flytta til september. Her blei det fleire «nye kostar» i styret, mellom anna fekk me ny styreleiar. Styret har hatt fokus på å betra økonomien i selskapet, og her ser ein både på moglegheiter for å redusera utgifter og auke inntektene.

Det har vore arbeidd spesielt med å få inntekter på arrangement. Styret meiner til dømes at Skogselskapet sitt arbeid med å formidla skogen sin viktige rolle til unge er eigna for å søkje støtte frå næringslivet. Erfaringane så langt syner at det er grunn til å gå vidare på dette området som for Skogselskapet langt på veg er «upløgd mark».

Det har vore interesse for å kjøpa Skogens hus. Styret har sett på kva eigedomen bidreg med økonomisk, og sannsynleg verdiutvikling i framtida, og valde å takka nei til reelle forhandlingar om sal.

**AKTIVITETAR**
Også i 2021 var pandemien ei utfordring for driftstilhøva, med nedstengingar, påbod om heimekontor, og møte avgrensa til digitale møteplassar. Restriksjonar frå styresmaktene førte også til at fleire arrangement Skogselskapet brukar å gjennomfør eller delta på, t.d. Naturdagen ved Stokkavatnet i Stavanger, måtte avlysast.



*Elevar løyser oppgåver i Naturstien på skule-skogdag i Njåskogen. | Foto: Kjell Terje Skrunes*

Skuleskogdagane i Njåskogen i Time fekk me likevel gjennomført dette året. At dagane blei avlyste året før er nok med på å forklara at heile 550 elevar var påmeldte. Arrangementet som går over ein periode på to, tre veker er eit stort løft. Men med gode samarbeidspartnerar i Jærmuseet/Vitengarden og grunneigar Jæren Skoglag, og ikkje minst dugnadsinnsats frå styremedlemmer, blei arrangementet ein suksess. Tilbakemeldingane frå elevar og lærarar var utan unnatak positive.

Sundag 21. mars markerte me FNs internasjonale skogdag med stand i Sørmarka i Stavanger. Her delte me ut informasjons- og vervebrosjyrar, og slo av ein skogprat med dei mange som stoppa ved standen. Dei kunne også delta i ein skog-quiz.



*Nasjonal skogplantedag i Svilandskogen. | Foto: Kjell Terje Skrunes*

Torsdag 20. mai var me med på den nasjonale skogplantedagen i samarbeid med Tenk Tre. Skogselskapa i heile landet deltok, og i Rogaland hadde me invitert 6. trinn ved Sviland skule til Svilandsskogen i samarbeid med grunneigar Statskog. I tillegg til planting fekk elevane og prøve seg på ein natursti med skogfaglege oppgåver.

I samarbeid med Tenk Tre og grunneigar Sola kommune sette me i juni opp ein ny natursti i Hålandskogen i Sola. Det var sett opp ein sti her for mange år sidan, men denne var overmoden for avløysing.

I august/september var me med på skuleskogdagar på Limagarden i Gjesdal, også her i samarbeid med Vitengarden. Dagen er sett saman av to hovudelar; Hausting



*I juni etablerte me ein ny natursti i Hålandskogen i Sola. | Foto: Kjell Terje Skrunes*

og bruk av frukt og bær. Den andre delen, som me tok av oss av, handlar om rydding i kulturlandskapet, saging, kløyving og løing av ved, og ikkje minst ein natursti med oppgåver med vekt på ulike treslag, og bruken av dei.

I samband med årsmøtet 16. september i Vikedal arrangerte me seminaret «Klimatiltak i landbruket – lokal næringsutvikling og samarbeid». Etter fleire gode foredrag, blei seminaret avslutta med ein utedel der dei kring 50 deltakarane vitja to bønder som begge har tenkt nytt innan ressursbruk og energiformer. Seminaret var frukta av eit tett samarbeid med Statsforvaltaren og Rogaland Fylkeskommune.

I november starta me prosjektet «Skogbasert bioenergi i landbruket», der Skogselskapet er prosjekteigar. Det skal gå over ein toårsperiode og skal leggja til rette for auka bruk av fornybar energi basert på lokalt trevirke i landbruket. Prosjektet blir støtta økonomisk av Rogaland fylkeskommune og blir gjennomført i tett samarbeid med Statsforvaltaren.

## ADMINISTRASJON

Kjell Terje Skrunes blei tilsett som ny dagleg leiar i november 2020, og har hatt 100 prosent stilling i meldingsåret. Lars Slåttå, som i tidlegare periodar har vore fungerande dagleg leiar, har vore ein viktig støttespelar for han gjennom det fyrste året i stillinga.

Dagleg leiar i Skogselskapet er også dagleg leiar i AS Skog og Rogaland skognæringsforum. Skogselskapet fakturerer desse for tenestene, og inntektene her frå er ein viktig del av selskapet sitt inntektsgrunnlag.

## REGNSKAPSFØRAR

Skogselskapet sin rekneskap vert ført av Tveit Regnskap, Stavanger.

## REVISOR

Bryne Revisjon AS, ved statsautorisert revisor Alf Danielsen, er revisor for selskapet.

## ÅRSMØTE

Årsmøtet blei halde på Vikedal Kro & Motell 16. september. Kring 50 møtte til det opne møtet som blei avslutta med eit seminar. Årsmelding og årsrekneskap vart godkjende utan merknader.

## VAL

Tårn Sigve Schmidt (leiar), Geir Apeland og Svein Kjetil Rønnevik var i valkomiteen. Tårn Sigve Schmidt presenterte valkomiteen si innstilling, og møteleiar Hans-Petter Tønnessen gjennomførte val.

Inga Ø. Apeland, Kristofer Tveiterå og Per Helle var ikkje på val. Hans-Petter Tønnessen og Randi Birkeland tok ikkje attval.

Valkomiteen innstilte Christian Aasland og Karin Repstad Spanne som nye styremedlemmer.

Jan-Erik Larsen var ikkje på val. Herman Tollaksen gjekk ut som 1. vara. Christian Aasland gjekk ut som 2. vara. Valkomiteen innstilte Rasmus Stokkeland som ny 1. vara, og Mathilde Grimsby som ny 2. vara.

Christian Aasland og Karin Repstad Spanne blei valt som nye styremedlemmer. Rasmus Stokkeland blei valt som 1. vara, og Mathilde Grimsby som 2. vara, alle val ved akklamasjon.

Valkomiteen innstilte Christian Aasland som ny styreleiar, og Kristofer Tveiterå som ny nestleiar. Christian Aasland blei valt som ny styreleiar, og Kristofer Tveiterå som ny nestleiar ved akklamasjon.

Tårn Sigve Schmidt gjekk ut av valkomiteen.. Hans-Petter Tønnessen blei føreslått som nytt medlem i valkomiteen og valt ved akklamasjon.

**Valkomiteens samansetning blei dermed:**
Geir Apeland (leiar) på val i 2022
Svein Kjetil Rønnevik på val i 2023
Hans-Petter Tønnessen på val i 2024

## MEDLEMSKONTINGENT

Årsmøtet valte å vidareføra medlemskontingent på kr 300, i tråd med forslag frå Det norske Skogselskap. For livsvarige medlemmer vidareførast ei trykksakavgift på kr 300. Bedriftsmedlemskap på kr. 1.000 per år.

## MEDLEMSUTVIKLING

Pr 31.12.21 var det registrert totalt 401 medlemmer i registeret. Våren 2021 hadde styret ein intern vervedugnad som resulterte i kring 45 nye medlemmer. Her er mange kategoriar, til dømes livsvarige medlemmer, årleg betalalande og bedrifter. Nokre livsvarige medlemmer betalar trykksakavgift, andre ikkje osb.

Styret ynskjer å understreka kor viktig det er at medlemmer vervar nye medlemmer. Særleg viktig er det at nye generasjonar blir rekrutterte.

## REGISTEROPPDATERING

Oppdatert kontaktinformasjon er ein føresetnad for å vedlikehalda medlemsregisteret og halda verdifull kontakt med medlemmene våre. Stadig meir informasjon og relevante invitasjonar vert send per e-post og SMS. Kontaktinformasjonen din kan enkelt oppdaterast ved å sende ein e-post til **rogaland@skogselskapet.no**, eller du kan ta kontakt på 973 00 095. For utsending av medlemsbladet Skog og miljø per post trengs oppdatert postadresse.



*Inga Apeland takka av avtroppande styreleiar Hans-Petter Tønnessen etter 23 år i styret. | Foto: Kjell Terje Skrunes.*

# Eigedommar

Skogselskapet eig fire mindre eigedommar rundt om i fylket. På større og mindre deler av desse eigedommane har Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) lagt ut ulike typar forsøksflater. Skogselskapet ser det som ei viktig oppgåve å på denne måten kunne medverka til stadig større kunnskap om skog og skogbruk i Rogaland.

Alle skogeigedommane til Skogselskapet er forsikra i forsikringsselskapet Skogbrand. I tilknyting til eigedommane er Skogselskapet også medeigar i fleire felles bil- og traktorvegar.

**HANSASKOGEN (VASSMYR), VINDAFJORD**

Totalarealet er ca. 750 dekar, og det produktive 330 dekar. Deler av eigedommen blei planta med gran og sitkagran på 1960- og 70-talet. Det står ei jakthytte på eigedommen, og jakta er utleigt. Det er bilveg fram til eigedommen, og eit par traktorvegar innover til Ternevatnet.

**BREIDABLIKK, FINNØY**

Totalarealet er ca. 48 dekar, og mest heile arealet er produktivt, for det meste superbonitet. Skogen er nytta til forsøk av NIBIO. Eit proveniensforsøk frå 1983 med sitkagran har årleg løpande tilvekst på 4,8 m3/dekar. Skogselskapet ser fram til neste tilvekstmåling som truleg vil visa endå høgare tal.

**AXEL HEIBERGS PLANTEFELT (AUESTADSKOGEN), GJESDAL**

På denne eigedommen vart det i 2016 delt frå ein parsell til ein nabo som hadde behov for meir beiteareal. På deler av dette arealet står det i dag forsøksskog, og Skogselskapet har derfor ein bruksrett til skogen så lenge forsøka held fram. Vidare blei det same år kjøpt eit noko større areal av ein annan nabo med tanke på skogreising. Desse sals- og kjøpsavtalane vart gjort i 2016/2017. På deler av den innkjøpte parsellen er det planta klimaskog, men ein del areal er framleis ikkje tilplanta. Jakta er utleigd.

Totalarealet er i dag 523 dekar, medan det produktive arealet er ca. 230 dekar. Også på denne eigedommen det lagt ut mange forsøksflater, bl.a. fleire produksjonsflater med ulike granartar. Det vart planta 100 daa ny skog gjennom klimaskogprosjektet i 2016. Det vart òg hogd og planta gran og svartor på Auestad i 2017.

**STORSKOGEN (LOMELAND), EIGERSUND**

Totalarealet er ca. 470 dekar. Ca. 275 dekar er produktiv skog. Store deler av skogarealet er lagt ut til forsøk, og då for det meste ei lang rekkje produksjonsforsøk med mange ulike treslag, både bartre og lauvtre.

**SKOGENS HUS, STAVANGER**

Skogselskapet har kontoradresse i Skogens hus i Pedersgata 32c i Stavanger, Holistic Center AS leiger alle areal som Skogselskapet ikkje brukar sjølv. I tillegg leiger me ut møterommet på forespørslar.



*Frå Hansaskogen (Vassmyr) i Vindafjord | Foto: Kjell Terje Skrunes*

# VEDTEKTER FOR SKOGSELSKAPET I ROGALAND

*Gjeldende fra 14. september 2011*

**§ 1: SELSKAPETS FORMÅL**

Skogselskapet i Rogaland har som formål å fremme forståelsen av skogens mangesidige betydning og arbeide for et godt skogbruk.

**§ 2: SELSKAPETS SAMMENSETNING**

Skogselskapet i Rogaland består av:

a) Direkte medlemmer

b) Støttemedlemmer, som er lag, foreninger, institusjoner, kommuner, allmenninger, banker, bedrifter o.l. som vil støtte Skogselskapets arbeid.

c) Æresmedlemmer

Årlig betalende medlemmer som i to år, tross påkrav ikke har betalt kontingent, betraktes som uttrådt av Skogselskapet.

Medlemmer av fylkesskogselskapet er samtidig medlemmer av Det norske Skogselskap.

Skogselskapet i Rogaland står tilsluttet Det norske Skogselskap og samarbeider med dette.

**§ 3: SELSKAPETS ADMINISTRASJON**

Selskapet ledes av styret med bistand av sekretær og annet administrativt personale.

Selskapets høyeste organ er årsmøtet.

**§ 4: STYRETS SAMMENSETNING**

Skogselskapet skal ha et styre på 5 medlemmer med tre varamedlemmer.

Ett medlem med varamedlem oppnevnes av Rogaland fylkesting

De fire øvrige medlemmer med første og andre varamedlem velges av årsmøtet.

Styrets medlemmer har en funksjonstid på tre år.
De fire årsmøtevalgte medlemmer trer ut av styret etter tur. Første og andre varamedlem velges for ett år om gangen.

Dersom det foreslås gjenvalg på en representant etter to perioder i styret, skal det stilles motkandidat.

Styret er beslutningsdyktig når leder eller nestleder og minst to styremedlemmer eller vararepresentant er tilstede. Vedtaket må da være enstemmig. Ved stemmelikhet har styrets leder dobbeltstemme.

**§ 5: STYRETS GJØREMÅL**

Styret ivaretar Skogselskapets interesser, forvalter dets midler og eiendommer og fremmer dets formål på betryggende og best mulig måte.

Ved omdisponeringer eller salg av større eiendommer (skogeiendom, planteskole eller

annen fast eiendom), forberedes dette av styret for årsmøtet, som fatter endelig vedtak.

Styret ansetter (eventuelt avskjediger) selskapets funksjonærer, fastsetter deres lønn og i tilfelle instruks for deres arbeid.

Styret kan velge et engere arbeidsutvalg med styrets leder og nestleder som selvskrevne medlemmer. Til fremme av Skogselskapets formål kan styret oppnevne tillitsmenn (representanter for regioner, en eller flere kommuner.)

Styret forbereder årsmøtet og legger fram for dette årsmelding og revidert regnskap, dessuten oversikt over prioriterte arbeidsoppgaver for det kommende år.

Styret skal hvert år utarbeide virksomhetsplan med budsjett som skal sendes Det norske Skogselskap.

Over styrets forhandlinger føres møtebok. Utskrift av møtebok sendes til Det norske Skogselskap så snart den er godkjent.

Årsberetning og revidert regnskap sendes til Det norske Skogselskap innen 20. april hvert år etter fastsatte regler.

Den samlede kollektive kontingent for medlemmer sendes forskuddsvis til Det norske

Skogselskap innen 20. april i henhold til medlemsliste.

Fylkesskogselskapene skal ved opptreden utad, f.eks. på brevark, gi uttrykk for at de er tilsluttet Det norske Skogselskap.

**§ 6: ÅRSMØTE**

Årsmøte skal holdes hvert år til tid og sted som styret bestemmer. Bekjentgjørelse skjer på betryggende måte og med minst to ukers varsel.

Årsmøtet ledes av en valgt møteleder.

Stemme på årsmøtet har fylkesskogselskapenes direkte medlemmer og utsendinger fra tilsluttede lag og foreninger. Hvert lag har en stemme.

For å være valgbar til tillitsverv i fylkesskogselskapet må vedkommende ikke ha fylt 70 år.

Styrets medlemmer har ikke stemmerett når det gjelder årsmelding og regnskap.

**Det påligger årsmøtet å:**

a) Behandle styrets årsberetning (årsmelding).

b) Behandle Skogselskapets årsregnskap.

c) Velge medlemmer og varamedlemmer til styret, og blant styrets medlemmer velge leder og nestleder for ett år.

d) Velge revisor for ett år.

e) Velge delegater til Det norske Skogselskaps landsmøte.

f) Velge valgkomitè på tre medlemmer. Av disse tre uttrer ett medlem hvert år,første gang etter loddtrekning. Årsmøtet velger også valgkomitèens leder.

g) Utnevne æresmedlemmer.

h) Fastsette medlemskontingent.

i) Behandle andre saker fremmet av styret.

Beslutningene fastsettes med simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet er lederens stemme avgjørende.

Ekstraordinært årsmøte kan sammenkalles når styret finner det nødvendig, eller når det kreves av minst 20 medlemmer.

Over årsmøtets forhandlinger føres møtebok, som undertegnes av møteleder og minst to medlemmer som velges på årsmøtet blant de fremmøtte stemmeberettigede.

**§ 7: VEDTEKTSENDRINGER OG OPPLØSNING**

Endring av disse vedtekter kan vedtas av årsmøtet med to tredjedels flertall.

For å kunne bli behandlet på årsmøtet må forslag til vedtektsendring sendes inn skriftlig til styret minst tre måneder før årsmøtet. Skogselskapets vedtekter skal forelegges Det norske Skogselskaps landsstyre til godkjenning.

Forslag til oppløsning av fylkesskogselskapet legges fram for årsmøtet. Dersom forslaget oppnår to tredjedels flertall, skal det forelegges påfølgende årsmøte til endelig vedtak med to tredjedels flertall.

Blir fylkesskogselskapet oppløst, tilfaller dets midler og eiendommer Det norske

Skogselskap og skal av dette nyttes til beste for skogbruket i Rogaland fylke.

**§ 8: IKRAFTTREDEN**

Disse vedtekter er vedtatt av årsmøtet i Skogselskapet i Rogaland den 19. mai 2011, godkjent av styret i Det norske Skogselskap den 14. september 2011, og gjort gjeldende som Skogselskapet i Rogaland sine vedtekter fra 15.september samme år.

Skogselskapet I Rogaland

# Resultatregnskap

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 1 | 113 550 | 0 |
| Annen driftsinntekt | 2 | | |
| 3440 Spesiell offentlig tilskudd for | | 318 969 | 331 497 |
| 3449 Periodisering off. tilskudd | | 0 | -153 944 |
| 3600 Leieinntekt fast eiendom | | 277 600 | 257 454 |
| 3720 Medlemskontingent, årlig | | 50 900 | 45 500 |
| 3721 Medlemskont. Rogaland skognærin | | 40 500 | 44 500 |
| 3900 Annen driftsrelatert inntekt | | 203 581 | 115 000 |
| **Sum Annen driftsinntekt** | | **891 551** | **640 007** |
| **Sum driftsinntekter** | | **1 005 101** | **640 007** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Lønnskostnad | 3 | | |
| 5000 Lønn til ansatte | | 496 066 | 433 119 |
| 5192 Feriepenger | | 70 937 | 54 795 |
| 5210 Fri telefon | | 4 392 | 732 |
| 5290 Motkonto for gruppe 52 | | -4 392 | -732 |
| 5330 Godtgj. til styre- og bedriftsf | | 67 900 | 64 700 |
| 5390 Annen oppgavepliktig godtgjørel | | 4 022 | 2 501 |
| 5400 Arbeidsgiveravgift | | 80 413 | 64 060 |
| 5405 Arbeidsgiveravgift av påløp. fe | | 10 002 | 7 726 |
| 5415 Arbeidsgiveravgift - korona | | 0 | -5 276 |
| 5800 Refusjon av sykepenger | | -5 837 | -63 688 |
| 5801 Refusjon av sykepenger innrappo | | -5 837 | -63 688 |
| 5802 Refusjon av sykepenger motkonto | | 5 837 | 63 688 |
| 5901 Gaver til ansatte, fradragsb. | | 0 | 320 |
| 5945 Pensjonsforsikring for ansatte | | 3 788 | 16 962 |
| 5946 Premie og tilsk. til pensjonsor | | 3 788 | 16 962 |
| 5947 Motkonto premie og tilsk. til p | | -3 788 | -16 962 |
| **Sum Lønnskostnad** | | **727 292** | **575 219** |
| Avskrivning på varige driftsmidler | 4 | | |
| 6000 Avskrivning på bygning/annen fa | | 45 170 | 45 170 |
| 6010 Avskr. transportm., maskiner og | | 6 600 | 6 600 |
| **Sum Avskrivning på varige driftsmidler** | | **51 770** | **51 770** |
| Annen driftskostnad | | | |
| 6320 Renovasjon, vann, avløp o l | | 12 403 | 11 326 |
| 6340 Lys, varme | | 40 392 | 24 739 |
| 6360 Renhold | | 31 683 | 21 300 |
| 6390 Div kostnad lokaler | | 58 370 | 57 795 |
| 6420 Leie datasystemer | | 10 834 | 10 618 |
| 6551 Datautstyr | | 4 656 | 0 |
| 6553 Programvare årlig vedl.hold | | 0 | 998 |
| 6560 Rekvisita | | 3 157 | 2 978 |
| 6570 Arbeidsklær og arbeidsutstyr | | 0 | 3 039 |
| 6701 Revisjonshonorar | | 29 750 | 22 500 |
| 6705 Regnskapshonorar | | 136 953 | 154 728 |
| 6721 Honorar for økonomisk rådgivnin | | 2 072 | 16 581 |
| 6790 Annen fremmed tjeneste | | 24 412 | 0 |
| 6800 Kontorrekvisita | | 1 030 | 5 302 |
| 6820 Trykksak | | 39 549 | 30 118 |
| 6860 Møte, kurs, oppdatering o l | | 41 539 | 0 |



Dokumentet er signert digitalt av:
Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av
Posten Norge

Skogselskapet I Rogaland

# Resultatregnskap

| | Note | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|
| 6890 Annen kontorkostnad | | 9 963 | 15 888 |
| 6900 Telefon | | 24 006 | 22 885 |
| 6907 Datakommunikasjon | | 4 088 | 0 |
| 6940 Porto | | 0 | 822 |
| 7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig | | 22 510 | 16 994 |
| 7140 Reisekostnad, ikke oppgaveplikt | | 12 982 | 422 |
| 7150 Diettkostnad, oppgavepliktig | | 1 904 | 0 |
| 7320 Reklamekostnad | | 20 930 | 13 238 |
| 7400 Kontingent, fradragsberettiget | | 17 650 | 16 600 |
| 7420 Gave, fradragsberettiget | | 980 | 0 |
| 7500 Forsikringspremie | | 4 934 | 3 360 |
| 7710 Styre og bedriftsforsamlingsmøt | | 7 716 | 1 929 |
| 7740 Øredifferanser ved avstemming | | 0 | 0 |
| 7750 Eiendomsskatt | | 8 366 | 13 236 |
| 7770 Bank- og kortgebyr | | 4 982 | 6 368 |
| 7790 Annen kostnad | | 10 000 | 0 |
| **Sum Annen driftskostnad** | | **587 810** | **473 762** |
| **Sum driftskostnader** | | **1 366 872** | **1 100 751** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **-361 771** | **-460 744** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | 5 | 59 386 | 66 180 |
| Annen finansinntekt | 5 | 16 500 | 38 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **75 886** | **104 180** |
| **Finanskostnader** | | | |
| Annen finanskostnad | | 550 | 0 |
| **Sum finanskostnader** | | **550** | **0** |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **75 336** | **104 180** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **-286 436** | **-356 564** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 6 | -8 620 | 0 |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **-277 816** | **-356 564** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **-277 816** | **-356 564** |
| **OVERFØRINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | | -277 816 | -356 564 |
| **Sum overføringer** | | **-277 816** | **-356 564** |



Dokumentet er signert digitalt av:
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av
Posten Norge

Skogselskapet I Rogaland

# Balanse pr. 31.12.2021

| | Note | 31.12.2021 | 31.12.2020 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 4 | 4 551 660 | 4 596 830 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | 4 | 16 700 | 23 300 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **4 568 360** | **4 620 130** |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investeringer i aksjer og andeler | 5 | 1 199 900 | 1 199 900 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | | **1 199 900** | **1 199 900** |
| **SUM ANLEGGSMIDLER** | | **5 768 260** | **5 820 030** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 7 | 6 400 | 18 859 |
| Andre kortsiktige fordringer | 7 | 18 867 | 88 892 |
| **Sum fordringer** | | **25 267** | **107 751** |
| **Investeringer** | | | |
| Markedsbaserte obligasjoner | 5 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| **Sum investeringer** | | **1 000 000** | **1 000 000** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 2 829 807 | 2 912 858 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **3 855 074** | **4 020 609** |
| **SUM EIENDELER** | | **9 623 334** | **9 840 639** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Fonds | 8,9 | 3 769 316 | 3 769 316 |
| Annen egenkapital | 9 | 5 326 451 | 5 604 266 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **9 095 767** | **9 373 582** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **9 095 767** | **9 373 582** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 52 922 | 32 762 |
| Skyldig offentlige avgifter | | 78 764 | 61 450 |
| Annen kortsiktig gjeld | 10 | 395 882 | 372 845 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **527 568** | **467 057** |
| **SUM GJELD** | | **527 568** | **467 057** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **9 623 334** | **9 840 639** |

Stavanger, 10. mai 2022

Christian Aasland
styrets leder

Kjell Terje Skrunes
daglig leder

Kristofer Tveiterå
Karin Repstad Spanne
Inga Øverland Apeland
Per Helle

Årsregnskap for Skogselskapet I Rogaland | Organisasjonsnr. 847019832

Dokumentet er signert digitalt av:
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av
Posten Norge

# Noter 2021

## Note 1 - Salgsinntekt

| Spesifikasjon av salgsinntekter | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Salgsinntekt varer | 13 550 | 0 |
| Salgsinntekt tjenester | 100 000 | 0 |
| **Totalt** | **113 550** | **0** |

## Note 2 - Annen driftsinntekt

| Spesifikasjon av andre driftsinntekter | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Tilskudd | 318 969 | 177 553 |
| Leieinntekt Pedersgata 32C | 265 000 | 246 854 |
| Annen leieinntekt fast eiendom | 12 600 | 10 600 |
| Medlemskontingent | 50 900 | 45 500 |
| Medlemskontingent Rogaland Skognæringsforum | 40 500 | 44 500 |
| Andre driftsinntekter | 203 581 | 115 000 |
| **Totalt** | **891 550** | **640 007** |

| Spesifikasjon av utbetalte tilskudd i 2021 | I år |
|---|---|
| **Skogselskapet i Rogaland:** | |
| Norsk Tipping - Grasrotmidler | 321 |
| Rogaland fylkeskommune | 4 398 |
| Rogaland fylkeskommune - Støtte frivillig organisasjon | 27 071 |
| Statsforvalteren i Rogaland - Rentemidler skogdager i Njåskog | 5 000 |
| Rogaland fylkeskommune - Skogbasert bioenergi i landbruket 2021 - 2023 | 95 000 |
| Rogaland fylkeskommune - Klimaseminar | 15 000 |
| Rogaland fylkeskommune - Klimatiltak | 15 000 |
| Statsforvalteren i Rogaland - Rentemidler Skoledager på Limagarden | 10 000 |
| Merverdiavgiftskompensasjon | 87 179 |
| Statsforvalteren i Rogaland - Driftsstøtte | 25 000 |
| Statsforvalteren i Rogaland - Støtte arrangement årsmøte i Vindafjord | 20 000 |
| Statsforvalteren i Rogaland - Rentemidler årsmøte/seminar Vindafjord | 15 000 |
| **Sum Skogselskapet i Rogaland** | **318 969** |
| **Totalt** | **318 969** |



Dokumentet er signert digitalt av:
- Tvelterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av Posten Norge

Skogselskapet I Rogaland

Noter 2021

## Note 3 - Lønnskostnad

| Spesifikasjon av lønnskostnader | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Lønn, inklusiv styrehonorar (spesifisert under) | 633 089 | 491 427 |
| Arbeidsgiveravgift | 90 415 | 66 510 |
| Pensjonskostnader | 3 788 | 16 962 |
| Andre lønnsrelaterte ytelser | 0 | 320 |
| **Totalt** | **727 292** | **575 219** |

| Ytelser til ledende personer, regnskapsfører og revisor | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Daglig leder | 507 404 | 389 786 |
| Styremedlemmer | 67 900 | 64 700 |
| Regnskapsføring | 136 953 | 154 728 |
| Revisjon | 29 750 | 22 500 |

## Note 4 - Varige driftsmidler

| | Tomter, bygninger og annen fast eiendom | Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm. | Sum |
|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost pr. 1/1 | 4 800 373 | 52 777 | 4 853 150 |
| **Anskaffelseskost pr. 31/12** | **4 800 373** | **52 777** | **4 853 150** |
| Akk. av/nedskr. pr 1/1 | 203 543 | 29 477 | 233 020 |
| + Ordinære avskrivninger | 45 170 | 6 600 | 51 770 |
| **Akk. av/nedskr. pr. 31/12** | **248 713** | **36 077** | **284 790** |
| **Balanseført verdi pr 31/12** | **4 551 660** | **16 700** | **4 568 360** |
| Prosentsats for ord. avskr. | 1-1 | 12-12 | |

| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | I år | I fjor |
|---|---|---|
| 1100 Pedersgata 32C, seksjon 30 & 32 | 4 268 160 | 4 313 330 |
| 1145 Skogbrukseiendommer - Budalen | 283 500 | 283 500 |
| **Sum Tomter, bygninger og annen fast eiendom** | **4 551 660** | **4 596 830** |



Dokumentet er signert digitalt av:
- Tvelterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av Posten Norge

# Noter 2021

## Note 5 - Investeringer i aksjer, andeler og obligasjoner

Spesifikasjonen inneholder bokførte eierandeler i aksjer, andeler og obligasjoner. Alle poster er verdsatt til opprinnelig kostpris.

| **Finansielle anleggsmidler** | **Balanseført verdi** |
|---|---|
| Aksjer AS Skog | 257 000 |
| Aksjer Reierstøl Eiendom AS | 691 350 |
| Aksjer Bio Dalane AS | 200 000 |
| Aksjer Skogbrukets Konferansesenter AS | 4 000 |
| Andeler Vestskog SA | 10 405 |
| Aksjer Jæren Skoglag AS | 37 145 |
| **Sum finansielle anleggsmidler** | **1 199 900** |
| **Finansielle omløpsmidler** | |
| Obligasjoner Bonheur ASA 12/17 | 1 000 000 |
| **Sum finansielle omløpsmidler** | **1 000 000** |
| **Samlet balanseført verdi finansielle investeringer** | **2 199 900** |

**Virkelig verdi finansielle omløpsmidler pr. 31.12.21 i henhold til årsoppgave fra VPS**

| | |
|---|---|
| Obligasjoner Bonheur ASA 18/22 | 1 007 200 |
| **Samlet virkelig verdi finansielle omløpsmidler** | **1 007 200** |

Det er bokført følgende inntekter tilknyttet disse postene for 2021:

| | |
|---|---|
| Mottatt aksjeutbytte | 16 500 |
| Renteinntekter av obligasjoner | 44 781 |
| **Sum inntekter av finansielle investeringer** | **61 281** |



Dokumentet er signert digitalt av:
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av Posten Norge



# Noter 2021

## Note 6 - Skattekostnad vedrørende utleie av Pedersgata 32C

| Spesifikasjon av årets skattegrunnlag: | 2021 |
|---|---|
| Leieinntekt fast eiendom | 265 000 |
| Andel renovasjon, vann og avløp | - 9 922 |
| Andel lys, varme | - 32 314 |
| Andel diverse kostnader lokaler | - 46 416 |
| Andel kontorrekvisita | - 823 |
| Andel annen kontorkostnad | - 7 970 |
| Andel forsikringspremie | - 2 034 |
| Andel eiendomsskatt | - 6 693 |
| Andel lønnskostnader | - 181 823 |
| Andel revisjonshonorar | - 7 438 |
| Andel regnskapsføring | - 34 238 |
| Andel honorar for økonomisk rådgiving | - 518 |
| **Skattepliktig inntekt av utleie** | **- 65 189** |

| | **2021** | **2020** |
|---|---|---|
| Betalbar skatt | -8 620 | 0 |
| **Samlede ordinære skattekostnader** | **-8 620** | **0** |

Tilbakebetalt skatt med Kr 8 620 i 2021, gjelder tilbakeføring av skatteveridien av underskudd fra utleievirksomheten i 2020, mot beskattet overskudd fra utleievirksomheten i 2018. Dette i henhold til reglene i skatteloven §§ 16-60 - 16-64.

## Note 7 - Fordringer

| | |
|---|---|
| Kundefordinger | 6 400 |
| Skogfondsmidler Breidablikk | 413 |
| Skogfondsmidler Vassmyr | 9 066 |
| Skogfondsmidler Gjesdal | 4 300 |
| Påløpt renteinntekt | 5 088 |
| **Sum fordringer** | **25 267** |

## Note 8 - Fonds

Selskapet har følgende fond bokført som egenkapital:

| **Fond** | **Bokført verdi** |
|---|---|
| Grunnfond/Grønndals | 143 715 |
| S & W Wrangells Fond | 1 008 534 |
| S & W Wrangells F.N. RO | 2 017 067 |
| Martha Fisketjøns Fond | 600 000 |
| **Sum fond** | **3 769 316** |



Dokumentet er signert digitalt av:
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Repstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av Posten Norge

BRYNE REVISJON
Bryne Revisjon AS
Statsautoriserte revisorer
Meierigata 17, 4340 Bryne
Telefon: 400 06 279
E-post: post@brynerevisjon.no
Bank: 9687.05.04184
Foretaksregister: NO 884 880 432 MVA

Til årsmøtet i

Skogselskapet i Rogaland

## Uavhengig revisors beretning

*Konklusjon*
Vi har revidert Skogselskapet i Rogalands årsregnskap som viser et underskudd på kr 277 816. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Grunnlag for konklusjonen*
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*
Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

*Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*
Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger.

Bryne, 11. mai 2022

**Bryne Revisjon AS**

Alf Danielsen
Alf Danielsen
Statsautorisert revisor

Skogselskapet I Rogaland

# Noter 2021

### Note 9 - Egenkapital

| | Fonds | Annen egenkapital | Sum egenkapital |
|---|---|---|---|
| Pr 1.1. | 3 769 316 | 5 604 266 | 9 373 582 |
| Anvendt til årsresultat | | -277 816 | -277 816 |
| **Pr 31.12.** | **3 769 316** | **5 326 451** | **9 095 767** |

### Note 10 - Annen kortsiktig gjeld

| | I år | I fjor |
|---|---|---|
| Gjeld til ansatte | 0 | - 697 |
| Skyldige feriepenger | 70 938 | 48 598 |
| Forskuddsfakturert leieinntekt Skogens Hus | 18 000 | 18 000 |
| Avsatt tilskudd Rogaland Skognæringsforum | 306 944 | 306 944 |
| **Totalt** | **395 882** | **372 845** |

Noter for Skogselskapet I Rogaland — Organisasjonsnr. 847019832

Dokumentet er signert digitalt av:
- Tveiterå, Kristofer (23.06.1991), 11.05.2022
- Aasland, Christian (24.02.1976), 10.05.2022
- Spanne, Karin Røpstad (08.06.1972), 10.05.2022
- Apeland, Inga Øverland (06.04.1961), 10.05.2022
- Helle, Per (21.05.1956), 10.05.2022
- Skrunes, Kjell Terje (21.06.1961), 10.05.2022

Forseglet av
Posten Norge

# AS Skog rapport 2021



*Frå Sitkagran-feltet i Lien skog, Bjerkreim | Foto: Kjell Terje Skrunes*

**AS Skog blei danna av Skogselskapet i 1919 av skattemessige årsaker. Skogselskapet er største aksjonær, med over 70 % av aksjane. Desse to selskapa har felles administrasjon i Stavanger. Om selskapet si verksemd seier § 3 i vedtektene: «Selskapets formål er gjennom innkjøp av velskikkede eiendommer i Rogaland fylke å drive rasjonell skogplanting samt hva hermed står i forbindelse.»**

**AS Skog sine verksemder er i dag skogforvaltning, jakt- og hytteutleige, tomtefeste og gardsmuseum.**

**STYRET**
Hans-Petter Tønnessen (leiar) – for Skogselskapet
Olav Knutsen (nestleiar) – for aksjonærane
Berge Gunnar Helle – for Skogselskapet
Arnt T. Mørkesdal - for Skogselskapet
Terjer Hidle – for aksjonærane

**VARAREPRESENTANTAR:**
Else Stråtveit Kalkvik – for aksjonærane
Kristofer Tveiterå – for Skogselskapet

**GENERALFORSAMLING**
Det vart halde generalforsamling i AS Skog i Egersund 21. juni 2021. 86,993% av aksjane var representert. Hans Petter Tønnessen og Berge Gunnar Helle blei attvalt til styret. Else Kalkvik blei attvalt som varamedlem for aksjonærane, medan Kristofer Tveiterå blei valt som varamedlem for Skogselskapet.

Årsrekneskap for 2020 vart godkjent utan merknader. Selskapet har frå 2020 valt bort revisor.

**SELSKAPET SIN ADMINISTRASJON**
Frå desember 2020 er Kjell Terje Skrunes dagleg leiar. Rekneskapen er i 2020 blitt ført av Stangeland Regnskap AS, Sandnes. Det er halde tre styremøte og behandla 23 saker.

**STRÅTVEITGARDEN, VINDAFJORD**
Med eit totalareal på 3364 dekar og produktivt skogareal på 1561 dekar er dette den største eigedommen til AS Skog. Garden har ei rekkje eldre hus, og det er planta ein del sjeldsynte treslag rundt på eigedommen, men mest vanleg gran. Jaktrettar er leigt ut. Jegerane tar mykje av naudsynte oppgraderingar og vedlikehald. Utanom jaktsesongen vert garden nytta av 4H og privatpersonar. Det nye naturreservatet på eigedommen er totalt på 936 dekar, herav 822 dekar produktiv skog.

**HAMRA SKOG, SULDAL**
Eigedommen er 1956 dekar, produktivt skogareal er 1524 dekar. Suldal kommune kjøpte i 2018 56 dekar, herav 28 dekar produktiv skog, ved Tysingvatnet til industriformål. Jakta er utleigt. Styret har i meldingsåret vedteke å riva eit gamalt bygg som står til nedfalls på eigedomen. Rivingsløyve frå kommunen er innvilga.

**HAGANESET SKOG, EIGERSUND**
Totalarealet er 432 dekar, produktiv skog er ca. 245 dekar. Over 100 dekar av denne eigedomen er leigt ut til diverse industri- og handelsverksemder, samt eit areal til flisterminal for Bio Dalane AS.

**LIEN SKOG, BJERKREIM**
Arealet er 550 dekar, kor av 539 dekar er produktiv skog. Det er ein del forsøksfelt i denne skogen, og tilveksten er god.

Alle skogeigedommane til AS Skog er forsikra i forsikringsselskapet SKOGBRAND. I tilknyting til eigedommane er AS Skog deltakar i fleire vegforeiningar og medeigar i fleire traktorvegar.

# Rapport Rogaland skognæringsforum

***«Rogaland skognæringsforum er ein interesseorganisasjon for skogsektoren i Rogaland. Føremålet er å styrka og utvikla skognæringa i Rogaland. Forumet skal gi dei ulike verdikjedene i skognæringa ei felles stemme i samfunnet.»***

***«Organisasjonar, lag, firma og enkeltpersonar knytt til skog- og trerelatert næringsliv, kunnskapsmiljø eller verkemiddelapparat kan vere medlemmer av Rogaland skognæringsforum***

Rogaland skognæringsforum er eit ledd i utviklinga av nettverksamarbeidet Kystskogbruket. Medlemmene kjem i prinsippet frå heile verdikjedene knytt til skogen som råstoff.

**KORT FRÅ ARBEIDET I MELDINGSÅRET**

Det har blitt halde 3 styremøte, og det er behandla i alt 33 saker. Av viktige saker kan nemnast bioøkonomiske fjøs, tredrivarprosjektet, offentleg vegstandard, utanlandske treslag og rulleringa av Melding om kystskogbruket.

På oppdrag frå Skognæringa Kyst har Transportøkonomisk institutt (TØI) laga ein rapport om flaskehalsar for tømmertransport i Rogaland og Vestland. Rogalandsdelen vart presentert for næring, byråkratar og politikarar i Suldal den 28. oktober. Skognæringsforumet var saman med Skognæringa kyst og Suldal kommune ansvarlege for arrangementet.

Forprosjektet for bruk av tre i driftsbygningar har av ulike årsaker stoppa opp noko i 2021. Ladstein Bygg, Finnøy er leiar for forprosjektet. Planen no er å få nye verksemder inn i nettverket, for å mogeleggjera eit hovudprosjekt med påfølgjande gjennomføring av ein pilot.
Forumet tok ei aktiv rolle i høve til rullering av Kystskogmeldinga som kjem til endeleg politisk handsaming i fylka i 2022.. Det vart send grundig høyringssvar på utkastet med det forumet meiner var gode innspel til forbetring av meldinga.
Forumet har saman med Skognæringa kyst gjennom året arbeidd aktivt mot både Stortinget, regjering og aktuelle departement og direktorat for å fremja kystskogbruket sine interesser. Dette gjeld både innan infrastruktur, slik som tømmerkaiar, skogsvegbygging og utbetring av flaskehalsar på det offentlege vegnettet, og innan klima og ressursforvaltning, slik som bruk av dei beste treslaga for oppbygging av kvalitetsskogar og karbonbinding.

**STYRET ETTER ÅRSMØTET I 2021**

| | |
|---|---|
| **Leiar:** | Olaf Gjedrem, tidlegare skogeigar, politikar, Bjerkreim |
| **Nestleiar:** | Anita Husøy Riskedal, bonde, varaordførar, Hjelmeland |
| **Styremedlem:** | Mikal Nordbø, Riska sag, Sandnes |
| **Styremedlem:** | Tore Sigmundsen, Sigmundsen Transport, Gjesdal |
| **1. varamedlem:** | Svein Myklebust, Pretre AS, Time |
| **2. varamedlem:** | Tårn Sigve Schmidt, skogeigar, instruktør Aktivt Skogbruk, Hjelmeland |

Kjell Terje Skrunes har vore sekretær/dagleg leiar i 2021. Lars Slåttå har og gjort mykje sekretærarbeid for forumet i meldingsåret.



*Frå ute-delen av møtet om flaskehalsar for tømmertransport på kommunale vegar på Sand, Suldal 28.oktober 2021. | Foto: Kjell Terje Skrunes*

# Sukker frå lokal skog til Dagros

Tekst og foto:
Kjell Terje Skrunes

- Eg er ganske sikker på at me skal få til dette, seier marknadssjef i Fiskå Mølle, Tommy Nordbø - 5. generasjon «møllar» på Fiskå i Strand. Saman med AT Skog vil Fiskå Mølle byggja ein fabrikk på Fiskå for produksjon av melasse basert på lokalt tømmer, den første i verda i sitt slag.

Selskapet har fått namnet Norsk Skogmelasse AS. Fiskå Mølle eig 60 prosent av selskapet, mens AT Skog eig 40 prosent.

Den endelege avgjerda om å investera ein stad mellom 200 og 300 millionar kroner i fabrikken har vore skjøve på nokre gonger. Men no er truleg avgjerda like rundt hjørnet.

**TRYGG PÅ TEKNOLOGIEN**

- Det er ei stor avgjerd å ta i urolege tider med uvisse på mange område. Me er trygge på teknologien, Fiskå Mølle har vore med i utviklinga av den saman med Glommen Technology gjennom fem år. Melassen er prøvd ut i produksjonen vår, og resultat syner at fôr med skogbasert melasse er eit fullgodt alternativ til ordinær, importert melasse – kumagen toler den godt.

Samtidig må ein sjå nøye på marknadsforholda og andre forhold som kan påverka økonomien i prosjektet. Dette skal sjølvsagt vera kommersielt forsvarleg, understrekar Nordbø.

Innovasjon Norge har bidratt med cirka 20 millionar kroner i tilskot til FoU-prosjekt som er grunnlaget for den patenterte prosessen Norsk Skogsmelasse skal bruka.

**KORTREIST RÅSTOFF**

Fabrikken skal altså nytta kortreist, norsk tømmer til å framstille sukkerstoff – skogsmelasse – som så skal nyttast i produksjonen av fôr til storfe. Tømmer frå Vestlandet og Sørlandet, kring 180.000 kubikkmeter i året, vil bli barka, flisa opp og dampkokt under trykk. Væska blir trekt ut frå tremassen, og gjennom filtrering og inndamping får ein konsentrert sukkerlake – altså skogsmelasse.

Planen er at fabrikken skal produsera kring 20.000 – 25.000 tonn melasse i året. Halvparten av dette skal Fiskå Mølle kjøpa for å nytta i sin fôrproduksjon. Resten skal seljast på den internasjonale marknaden.

**EIT KINDEREGG**

Restproduktet, tremassen, vil bli tørka og pelletert. Årleg produksjon av pellets vil liggja på 50.000 – 60.000 tonn i året. Også dette produktet skal seljast i inn- og utland.

- Dette blir pellets av svært god kvalitet med høg brennverdi og betre vassbestandigheit enn ordinær, kvit pellets, seier Nordbø.

Dampen frå fabrikken skal i tillegg nyttast i den eksisterande fôrproduksjonen ved Fiskå Mølle, så dette er eit prosjekt som absolutt må kunna kallast eit kinderegg.

- Foss oss i Fiskå Mølle er det viktig å vera med på framtidsretta, berekraftig industriutvikling som dette er eit døme på. Her handlar det om å nytta norske ressursar på nye måtar til å laga produkt som kan konkurrera internasjonalt. I dag importerer norske fôrprodusentar 70.000 tonn melasse frå sukkerrøyr og sukkerroer i året, mykje frå Latin-Amerika og Asia.

**BEREKRAFTIG MATPRODUKSJON**

Samtidig blir mykje av tømmeret langs kysten i dag eksportert. At me sølv kan nytta dette til foredling her heime, må jo vera av det gode. Sjølvforsyning har fått ny aktualitet, og me er opptatt av norskprodusert mat basert på norske ressursar. Denne fabrikken vil gjera at bønder over heile landet snart kan få kraftfôr med ein endå høgare norskandel enn tidlegare. Difor er dette prosjektet eit viktig steg i retning av ein meir berekraftig produksjon av kjøt og mjølk her i landet, seier Nordbø.



*Marknadssjef Tommy Nordbø i Fiskå Mølle med dei to produkta som skal koma ut frå fabrikken; Skogsmelasse og fyringspellets med høg brennverdi.*



*Då Ryfast-tunnelen blei sprengd ut, nytta Fiskå Mølle høve til å utvida fabrikkområdet med fyllmasse. Her skal melassefabrikken kome.*

**FAKTA OM NORSK SKOGSMELASSE AS:**

- Etablert i 2020 med Fiskå Mølle AS og Glommen Mjøsen Skog SA som eigarar
- Eigarar i dag: Fiskå Mølle (60 prosent) AT Skog (40 prosent)
- Skogsmelasse er sukkerstoff frå trevirke. Skal brukast som ingrediens i kraftfôr for drøvtyggarar, og erstattar importert melasse frå rør- og roesukker.
- Fabrikken vil bruka 180 kubikk massevirke, og blir den første nyetableringa på 40 år av norsk industri som forbruker massevirke i denne storleiken.
- Glommen Technology AS har stått for forprosjektering, og er teknologi-leverandør




*Kortreist tømmer frå Vestlandet og Sørlandet skal bli til fôr for norsk storfe, vonar Tommy Nordbø.*

# – Sånne som Matias vokser ikke på trær

Av Stine Solbakken,
AT Skog



*Matias Langeland og Odd Inge Moen, lærling og læremeister på hogstfeltet i Sauda*

Matias Langeland har bestemt seg. Han bestemte seg for lenge siden. Han vil kjøre skogsmaskin

I januar begynte han i lære hos to dyktige skogsmaskinførere.

– Fra første dag har han fått mye frihet og grunnleggende opplæring. Han har taklet oppgavene godt fra dag en, sier skogsmaskinfører Odd Inge Moen i entreprenørfirmaet Framtre AS i Sauda.

– Sånne som Matias vokser ikke på trær, legger han til.

**VET HVA HAN VIL**

Matias har erfaring med flismaskin, men ellers var han ganske grønn da han møtte opp til første arbeidsdag i januar.

– Jeg har alltid hatt lyst til å ta fagbrev som skogsmaskinfører. Jeg hørte derfor med Bjarte om jeg kunne lære hos ham. Jeg har alltid likt å være i skogen og jobbe med maskiner, sier Matias (19).

**LÆRER BEGGE MASKINENE**

Han har 3,5 år foran seg med opplæring. Det er Bjarte Tørresdal og Odd Inge Moen som er teamet i Framtre AS. Bjarte hogger og Odd Inge kjører tømmeret ut av skogen. Matias skal lære å kjøre begge maskinene, både hogstmaskin og lassbærer.

– Jeg har jobbet i ti år i gravemaskin før jeg begynte med lassbærer. Jeg trives med friheten vi har i skogsmaskinen. Jeg styrer dagene selv og kombinerer jobben med gårdsdrift, sier Odd Inge (34).

– Å jobbe i skogsmaskin er ikke ensformig, slik mange tror. De ser bare en maskin som laster og losser, men det er mange utfordringer hele tiden.

**– MÅ STOLE PÅ DEG SELV**

– Det er kjekt å kjøre lassbærer, selv om det er en mye større maskin enn jeg er vant til, sier Matias. Han har roen som trengs i denne jobben.

– Dette er ikke det rette yrket om du lett blir nervøs. Du må stole på deg selv og stole på utstyret. Du må selvsagt være forsiktig.

– Jeg har tippet en gang. Da skjer ting fort, selv om det føles som om tiden står stille. Da jeg tippet lå hunden fortsatt på samme plassen på gulvet. Den reagerte ikke, sier Odd Inge.

Det sier litt om hans ro når det faktisk er noen sekunder med kaos.

**IMPONERENDE MASKINER**

– Det går som regel bra, konkluderer Odd Inge og Bjarte. Selv om de er forsiktige og vurderer situasjoner nøye, kan ting skje. Begge maskinene var nye i fjor og har en imponerende evne til å ta seg fram i bratt terreng.



*Bjarte Tørresdal, som kjører hogstmaskinen, Odd Inge Moen som kjører lassbærer og lærling Matias Langeland.*

Bjarte (51) har vokst opp på gård og trives godt med arbeid i skogen. Han har jobbet ni år i skogsmaskin. Med oppdrag i hele Nord Rogaland og av og til i tidligere Hordaland, blir det en del perioder i brakke.

**– KJEKT MED INTERESSE**

Å få rekruttert dyktige maskinførere er en utfordring. Bjarte så derfor en god mulighet da Matias ønsket en utdanning i skogsmaskin.

– Jeg kjenner Matias fra før og synes det er veldig kjekt at han er så interessert, sier Bjarte. Både Bjarte og Matias bor i Vindafjord. Odd Inge har gårdsbruk i Erfjord.

Matias og Odd Inge setter seg inn i lassbæreren og kjører sakte innover til hogstoppdraget i Sauda. Der skal de jobbe i tre uker.

**– MYE USTELT SKOG**

I snitt kan Bjarte hogge rundt 200 kubikk tømmer i snitt på en dag, men er det mye smått i hogstområdet rekker han ikke mer enn 100 kubikk. De tre skogsmaskinførerne har en klar oppfordring til skogeierne.

– Vi ser mye ustelt skog. Den dagen vi skal inn med maskinene, koster jobben mer når vi må ut å fjerne alt småtteriet med motorsag. Å stelle skogen i 10 til 15 års alder gjør at det ikke blir så mye undervegetasjon og små trær.

– Der skogen er stelt og de fineste trærne får mer plass til å vokse, ser vi stor forskjell på størrelse og kvalitet.

**" – Der skogen er stelt og de fineste trærne får mer plass til å vokse, ser vi stor forskjell på størrelse og kvalitet"**

Det er så mye å tjene på å stelle skogen. Skogeier kan bruke skogfondet til å dekke timelønnen og det er også gode tilskudd til ungskogpleie, avslutter de tre skogsarbeiderne.

**– GIR UNGE MULIGHETER**

Framtre AS er AT Skogs eget entreprenørselskap. For tiden er det to driftslag i firmaet, i Nord-Rogaland og Nordfjord.

– Gjennom eget entreprenørselskap har AT Skog et verktøy for å drive opplæring av maskinførere. Vi ønsker å gi unge muligheter for læreplass. Vi er veldig fornøyd med Matias. Han blir godt ivaretatt og opplært av Bjarte og Odd Inge, sier produksjonssjef i AT Skog, Christer Aartveit.

Utdanningsveien for unge som ønsker å bli skogsmaskinførere, er videregående utdanning i skogfag og deretter en lærlingplass.

# Skogåret i Rogaland 2021

Av Stein Bomo
Fylkesskogmeister,
Statsforvaltaren

Det blei nok eit år med pandemi som sette sitt preg på skogkulturaktiviteten. Stengte grenser for utanlands arbeidskraft, fordi skogbruk er ikkje definert som samfunnskritisk gav store utfordringar med å gjennomføre nødvendig planting og ungskogpleie. Koronapandemien avdekte at organisering og systemet for planting er sårbart med mykje ansvar på få personar.

Statsforvaltaren, kommunane og næringsaktørane var i samarbeid tvungen til å sjå på alternative løysingar. Det blei satt i verk tiltak i form av å etterlyse personar som ville plante, og med oppfordring om å plante sjølv.

Skogeigarar som planta sjølv saman med organisering av lokale arbeidsgjengar gjorde sitt til at ein likevel fekk gjort ein rimeleg god innsats, sjølv om det resulterte i færre planter i jorda enn planlagt. Omfordeling av planter mellom nabofylke bidrog til at fleire planter kom i jorda, riktig nok utanfor Rogaland, der det var plantekapasitet.

Det måtte kastast eit mindre parti med planter på grunn av mangel på arbeidskraft. Det blei gitt eit ekstra tilskot på 1,50 kr per plante for å dekke meirkostnadane og motivere til ekstra innsats. Den økte tilskotssatsen var ei god gulrot for å motivera skogeigarane til å plante sjølv.

Skogkulturtala for 2021 ber preg av den ekstraordinære situasjonen, som viser igjen i ein relativt stor nedgong i plante- og ungskogpleieaktiviteten. Frå 1650 dekar i 2020 til **1250 dekar planting i 2021.** Ungskogpleie har same utvikling frå 2100 dekar i 2020 til **1200 dekar ungskogpleie i 2021.** Ungskogpleie blei også naturlegvis nedprioritert i forhold til planting som var viktigast.

Skogkulturaktiviteten og utviklinga over tid er ikkje berekraftig. I gjennomsnitt siste 10 år er det nyplanta 1350 dekar om ein ser vekk frå 2017 og 2018 da det ble gjennomført planting i klimaskogprosjektet på attgroingsmark. Statistikken (figur 1) og estimert hogd barskogareal opp mot tilplanta barskogareal etter hogst (figur 2), viser utviklinga.

Over 50 % av hogstarealet er utan aktive foryningstiltak, eller blir omdisponmert/avskoga til andre formål. Det er ofte dei beste areala med den beste skogen som går ut. Trenden har føregått over lang tid og ser ikkje ut til å snu. Det haster difor med aktive tiltak for snu trenden for å sikre verdiskaping framtidig tilgang på fornybart og klimavennleg råstoff.

**JULETRE**

I Rogaland er det for 2021 innrapportert hogst og sal av 67 300 juletre til en bruttoverdi på 12,7 millionar kroner til VSOP. Samla for heile landet er det rapportert inn 130 000 juletre. Rogaland har over fleire år rapportert inn rundt 50 prosent av totalen på landsbasis.

Det er utfordrande å anslå eksakt verdiskaping i juletrenæringa regionalt og nasjonalt då det avhenger av at produsentane rapporterer inn alt sal til VSOP slik de er pliktige til etter regelverket. Eit betre statistisk talgrunnlag er viktig for forvaltninga

men ikkje minst næringa som får betre oversikt over produksjon og produsentar.

Gjennom 2021 har det blant anna blitt jobba aktivt for å spreie informasjon om rapporteringsplikten og dei gode grunnane til å rapportere. Det er etablert eit godt samarbeid med forvaltninga, næringa og interesseorganisasjonane.

Godt samarbeid og dialog er viktig for vidare utvikling av juletrenæringa. Arbeidet for å auke rapporteringsgraden blir løfta fram som positivt, då det vil gi næringa betre oversikt over faktisk produksjon og tal produsentar i fylket og synleggjering av den verdiskapinga som faktisk skjer rundt om i fylke.

**SKOGSVEGBYGGING**

Det har vore rekordstor interesse for tilskot til skogsvegar trass nok eit år prega av koronapandemi. Det er løyvd 6,4 mill. kr i tilskot. Dette er over 60 % auke i aktiviteten samanlikna med tidlegare år.

Den store interessa er eit resultat av langsiktig arbeid og der vi ser at vegplanleggjanen bidreg saman med kommunane til at vi får inn fleire større vegsaker/fellestiltak og skogsbilvegløysningar som er avgjerande for økonomien i skogsdrifta.

Mange av desse fellestiltaka krev modning og mykje ressursar før gjennomslag for felles skogsveg. Der vi ikkje lukkast med fellestiltak trass gode hjelparar, gulrøter i tilskot og skogfond, ser vi at terskelen for å ta inn jordskifte for få på plass framtidsretta vegløysingar uavhengig av eigedomsgrenser sit langt inne.

Det er ferdigmeldt **totalt 9 km med skogsveg,** fordelt på **4 km nyanlegg skogsbilveg, 3 km ombygging til skogsbilveg og 2 km traktorvei.** Anleggskostnadene og tilskotsnivået er på eit akseptabelt nivå med 1000 kr/meter for nyanlegg skogsbilveg og en gjennomsnittleg tilskotsats på 51 prosent.

Det er utarbeidd felles retningslinjer for tilskot til skogsvegar, taubane o.a. for alle kommunane. Dette bidreg til å sikre mest mogleg lik praktisering av tilskotsordninga uavhengig av kommunegrenser. Større fellesanlegg, nyanlegg skogsbilveg og ombygging til skogsbilveg har prioritet.

Hovudplan for skogsvegar er no på plass i dei fleste største skogkommunane. Hovudplanane viser at det er store behov for både modernisering og få på plass større og nye fellesanlegg uavhengig av eigedomsgrenser.

Gjennomslag for dei beste vegløysingane krev stor innsats framover. Mange kommunar står utan både skog- og vegkompetanse. For å bøte litt på dette, har Rogaland eigen vegplanleggar (Kristofer Tveiterå) i 50 prosent stilling i kombinasjon med 50 prosent skogforvaltning i Hjelmeland kommune.

2




*Figur 2: Viser eit estimert hogd barskogareal (forutset eit gjennomsnittsvolum på 15 m3/dekar furuhogst/blandingsskog og 50 m3/dekar granhogst) og tilplanta barskogareal etter hogst inkludert 50 % blandingsskog.*

1




*Figur 1: Viser all hogst (m3), planting (dekar) og ungskogpleie (dekar) i perioden 1993 - 2021*

Han har arbeidsfelt i heile Rogaland og skal bidra til å få fram gode og framtidsretta vegløysingar i samarbeid med kommunane og næringsaktørane, og sikre god utnytting av dei økonomiske virkemidlane. Hovudplan for skogsvegar er styrande for mobiliseringsarbeidet og bruken av vegplanleggjaren.

**TAUBANEAKTIVITET**
Det har vore beskjeden aktivitet på taubane- og driftstilskot med berre 3 drifter og vel 250 000 kr utbetalt i 2021. Det er førehandsgodkjent taubane og driftstilskudd på 1,5 millioner kroner som vi kjem til neste år.

**HOGST**
Det er framleis ei stor utfordring at skogen hoggast lenge før den er hogstmoden og når tilveksten er på topp, eller svært høg. Dette bidrar ikkje til god utnytting av skogressursen med tanke på klimaeffekt og verdiskaping.

Hogsten har **gått ned med 25 prosent** samanlikna med gjennomsnittet siste 10 år og landa på **100 000 m³ i 2021**. Gran står for godt over 80 % av hogsten. Nedgangen i hogsten trass relativt god tømmerpris, er venta etter mange år med overavvirking på gran og for tidleg hogst.

# Skog og skogbruk i et framtidig klima

Av Birgit Sundbø Hagalid
Skogrådgivar, Statsforvaltaren

Skog er en arealtype som både kan gi opptak og utslipp av klimagasser, avhengig av hvordan skogarealene forvaltes og produksjonsskogen skjøttes. Dette viser igjen i samfunnet ved at skog og skogbruk har fått en fast plass som politisk virkemiddel i arbeidet med å stoppe og redusere konsekvensene av klimaendringene.

I Hurdalsplattformen som legger grunnlaget for politikken til dagens regjering står det at regjeringen vil «Bruke skogen aktivt som en sentral del av klimapolitikken og utarbeide et nasjonalt mål og strategi for å øke den naturlige karbonlagringen i norsk natur».

Hvilke valg skogeieren og forvaltningen gjør for skogarealene er av stor betydning for framtidens klima og naturmangfold. Dette gjelder også i Rogaland med store furu- og lauvarealer og svært produktive granskoger.

**Hva sier framskrivningene om klimaendringene i Rogaland?**
Klimaframskrivinger for Rogaland estimerer en temperaturøkning på 3,7 °C for perioden 2071-2100 sammenlignet med perioden 1971-2000 (Cicero, 2019). Estimatene er basert på at utslippet av klimagasser vil være høyt framover.

Økt temperatur gir en forventet økning i nedbør, særlig om vinteren med 18%, og hyppigere episoder med kraftig nedbør. Økt temperatur gir også potensiale for sterk vind, og mulig tørke om sommeren som følge av økt fordamping.

**Hvordan påvirkes skogen av klimaendringene?**
Den siste rapporten til Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM, 2021) legger fram hvordan klimaendringene vil påvirke den boreale skogen. Mildere og våtere vintre gir lenger vekstsesong for skogstrær, men også for nye insekter og sopp som kan gjøre skade på naturen eller tømmer i vekst.

Dette kan svekke skogens motstandskraft mot ekstremvær og endringene i klima. Gran som trives og produserer godt i frodige Rogaland er sårbar for tørke, brann, stormfelling, og er også utsatt for en rekke insekter og soppsykdommer.

Å legge til rette for å redusere sårbarheten og risikoen og øke motstandskraften både naturskogene og produksjonsskogene kommer til å bli, og bør allerede i dag være, et sentralt tema for skogforvaltningen og skogeierne.

**Hva kan vi gjøre for å tilpasse skogen til et klima i endring?**
Et av hovedbudskapene i rapporten til Vitenskapskomiteen er at mangfoldige skoger med variasjon i treslag, struktur og bruk er viktige faktorer for å redusere sårbarheten og øke motstandskraften til skogarealene og økosystemene (VKM 2021). Dette er viktig både på nasjonalt, regionalt og eiendomsnivå.

I produksjonsskog av gran må vi ta høyde for økt risiko for skader når vi planlegger tiltak. NIBIO legger fram anbefalinger for tilpasninger i skjøtsel av produksjonsskog i rapporten «Skogbehandling for verdiproduksjon i et klima i endring» (NIBIO, 2017). Under følger anbefalinger med relevans for Rogaland.

• **Plantemateriale:** Vær nøye med valg av plantemateriale ved planting etter hogst og bruk anbefalingene til Skogfrøverket (www.skogfroverket.no). Plantene må være tilpasset lokalitetens beliggenhet, vær og risiko for vind og tørke nå og i fremtiden.

• **Gransnutebiller:** Større planter tåler bedre gnag fra billene. Vurder kjemisk eller fysisk beskyttelse av plantene. Å vente med å plante til billene har forlatt hogstflata kan redusere skadeomfanget.

• **Ungskogpleie:** Gjennomfør ungskogpleien tidlig nok for å unngå at veksten til produksjonsskogen blir hemmet, og det oppstår skader som svekker motstandskraften og blir inngangsport for insekt og sykdommer.

• **Foryngelseshogst:** Tilpasning av hogstform kan være nødvendig der det er risiko for skader som følge av vind. Om skogen er utsatt for tørkeskader, vindfall eller stammebrekk bør det vurderes å avvirke skogen for å redusere risiko for spredning av insekter og soppsykdommer.

• **Tiltak mot råte:** Det er lite roteråte i Rogaland i dag sammenlignet med andre regioner. Forebyggende tiltak gjennom stubbebehandling med Urea eller Rotstop ved hogst er vesentlig for å holde råten unna også i framtiden.

• **Treslagsvalg:** Velg riktig treslag til riktig sted. Vurder boniteten, grunnforhold og vanntilgang. I områder med risiko for råte eller tørke, kan treslagsblanding redusere risikoen.

*Kilder: - Cicero, 2019. Overordnet analyse av konsekvenser av klimaendringer på natur og samfunn i Rogaland. - VKM, 2021. Impacts of climate change on the boreal forest ecosystem. - NIBIO, 2017. Skogbehandling for verdiproduksjon i et klima i endring.*





# Skogstatistikk

Av Morten Svanes,
seniorrådgivar, Statsforvaltaren

## Rogalandsskogbruket i tal

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Produktivt skogareal | 1 400 000 | daa | Årleg tilvekst | 510 000 | m3 |
| Ståande tømmervolum (m/bark) | 17 600 000 | m3 | Skogfondskontoar | 5 460 | |

## Utbetalte statstilskot 2021

| Tiltak / År | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Miljøtiltak i skog | 9 487 | 16 380 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Taubane og hest mm | 256 460 | 818 082 | 336 740 | 482 350 | 762 930 | 700 220 | 350 970 | 481 195 | 453 100 | 354 200 |
| Skogkultur | 2 001 778 | 2 652 662 | 1 753 234 | 1 493 253 | 2 063 317 | 2 223 083 | 2 087 710 | 1 184 426 | 2 790 490 | 1 476 754 |
| Fyrstegongstynning | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 13 500 |
| Andre tiltak i skogbruket | 0 | 0 | 5 580 | 5 400 | 100 000 | 145 565 | 37 759 | 7 878 | 64 366 | 611 765 |
| Skogsvegbygging | 2 587 416 | 4 071 613 | 4 333 854 | 4 265 912 | 2 908 507 | 1 265 913 | 3 952 460 | 2 739 745 | 3 207 760 | 1 740 339 |
| Skogbruksplanlegging | 0 | 0 | 1 047 850 | 409 000 | 0 | 830 435 | 1 611 000 | 450 000 | 773 300 | 800 000 |
| Kystskogbruket* | 0 | 0 | 221 250 | 150 000 | 191 000 | 200 000 | 331 015 | 279 818 | 881 336 | 1 665 808 |
| Energiflistilskot | 0 | 0 | | | | | | | 452 484 | 184 595 |
| Midlertidige krisehånteringsordninger Koronatiltak /Utsiktsrydding langs veg | 470 734 | 509 251 | | | | | | | | 75 000 |
| Vegvedlikehald | 0 | 0 | | | | 173 000 | 37 000 | 195 972 | 293 870 | 0 |
| Klimaskogprosjekt | 319 788 | 647 651 | 345 088 | 4 590 717 | 2 358 389 | 1 250 000 | 650 000 | | | |
| Klimatiltak, Tettere planting og gjødsling | 320 164 | 319 891 | 612 090 | 309 600 | 393 465 | 286 939 | | | | |
| **Totale utbetalinger til skogbruksformål** | **5 965 827** | **9 035 530** | **8 655 686** | **11 706 232** | **8 777 608** | **7 075 155** | **9 057 914** | **5 339 034** | **8 916 706** | **6 921 961** |

| Tiltak / År | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 | 2007 | 2006 | 2005 | 2004 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Miljøtiltak i skog | 0 | 0 | 0 | 12 000 | 0 | 9 030 | 0 | 0 |
| Taubane og hest mm | 239 260 | 385 960 | 529 576 | 146 800 | 133 540 | 71 170 | 110 706 | 82 110 |
| Skogkultur | 1 145 607 | 1 900 863 | 2 079 094 | 1 035 663 | 1 593 484 | 1 860 443 | 716 141 | 628 939 |
| Fyrstegongstynning | 0 | 24 600 | 7 500 | 36 000 | 10 500 | 38 890 | 19 800 | 6 600 |
| Andre tiltak i skogbruket | 24 964 | 71 443 | 59 410 | 41 682 | 32 939 | 94 851 | 77 058 | 124 255 |
| Skogsvegbygging | 879 003 | 1 103 854 | 1 633 928 | 1 680 550 | 970 909 | 457 021 | 479 140 | 919 949 |
| Skogbruksplanlegging | 497 000 | 61 500 | 250 576 | 0 | 41 170 | 600 000 | 650 000 | 800 000 |
| Kystskogbruket* | 493 121 | 807 750 | 273 918 | 550 000 | 370 000 | 370 000 | 370 000 | 370 000 |
| Energiflistilskot | 5 840 | 23 312 | 64 820 | | | | | |
| Midlertidige krisehånteringsordninger Koronatiltak /Utsiktsrydding langs veg | 40 000 | 273 750 | 511 250 | | | | | |
| Vegvedlikehald | | | | | | | | |
| Klimaskogprosjekt | | | | | | | | |
| Klimatiltak, Tettere planting og gjødsling | | | | | | | | |
| **Totale utbetalinger til skogbruksformål** | **3 324 795** | **4 653 032** | **5 410 072** | **3 502 695** | **3 152 542** | **3 501 405** | **2 422 845** | **2 931 853** |

* Tal før 2008 er summen av organisert virkesomsetning og skogdagmidlar som nå inngår i kystskogbruket

## Tildelt og utbetalt tilskot i 2021

| Tiltak / År | Ansvar pr 1.1 | Løyvd | Inntrekt | Utbetalt | Ansvar 31.12 |
|---|---|---|---|---|---|
| Miljøtiltak i skog | 52 500 | 9 487 | | 9 487 | 52 500 |
| Taubane og hest mm | 245 030 | 1 647 460 | | 256 460 | 1 636 030 |
| Skogkultur | 0 | 2 001 778 | | 0 | 2 001 778 |
| Fyrstegongstynning | 0 | | | | 0 |
| Andre tiltak i skogbruket | 840 000 | 35 000 | 35 000 | | 840 000 |
| Skogsvegbygging | 4 763 437 | 6 576 567 | 516 211 | 2 587 416 | 8 236 377 |
| Skogbruksplanlegging | 2 226 000 | 35 000 | | | 2 261 000 |
| Kystskogbruket* | 0 | | | | 0 |
| Energiflistilskot | 0 | | | | 0 |
| Koronatiltak / Utsiktsrydding langs veg | 96 000 | 374 734 | | 470 734 | 0 |
| Klimaskogprosjekt | 407 261 | 325 676 | 340 138 | 319 788 | 73 011 |
| Vegvedlikehald | 0 | | | | 0 |
| Klimatiltak, Tettere planting og gjødsling | 0 | 320 164 | | 320 164 | 0 |
| **Sum alle ordninger** | **8 630 228** | **11 325 866** | **891 349** | **3 964 049** | **15 100 696** |

Midlar er overført frå skogsvegbygging til kystskogbruket. Andre tiltak i skogbruket er i stor grad ekstra skogkultursatsing.

## Avverking for sal 2021

| | Industrivirke | | | Energi | | | Sum | | | Juletre | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Gran | Furu | Lauv | Ved | Flis | Grot | m3 | Bruttoverdi | pris pr m3 | Stk | Kr |
| Eigersund | 1 535 | 1 201 | 0 | 71 | 0 | 0 | 2 807 | 992 409 | 354 | 42 | 11 640 |
| Sandnes | 6 051 | 50 | 72 | 70 | 0 | 0 | 6 243 | 2 311 052 | 370 | 1 003 | 188 000 |
| Stavanger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 9 607 | 3 126 646 |
| Haugesund | 4 523 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 523 | 1 595 991 | 353 | 0 | 0 |
| Sokndal | 935 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 935 | 479 586 | 513 | 1 150 | 199 000 |
| Lund | 5 704 | 511 | 0 | 89 | 0 | 0 | 6 304 | 3 013 329 | 478 | 520 | 135 140 |
| Bjerkreim | 4 694 | 2 251 | 0 | 226 | 0 | 0 | 7 171 | 2 248 608 | 314 | 0 | 0 |
| Hå | 4 037 | 223 | 0 | 258 | 0 | 0 | 4 518 | 1 337 571 | 296 | 0 | 0 |
| Klepp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Time | 13 334 | 2 124 | 0 | 178 | 0 | 0 | 15 636 | 5 165 999 | 330 | 0 | 0 |
| Gjesdal | 523 | 0 | 0 | 133 | 0 | 0 | 656 | 147 924 | 225 | 0 | 0 |
| Sola | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 1 955 | 693 885 |
| Randaberg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 1 600 | 600 600 |
| Strand | 534 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 534 | 153 010 | 287 | 12 560 | 2 309 767 |
| Hjelmeland | 3 957 | 320 | 0 | 93 | 0 | 0 | 4 370 | 1 854 537 | 424 | 10 512 | 1 531 953 |
| Suldal | 7 950 | 483 | 0 | 213 | 0 | 0 | 8 646 | 4 275 191 | 494 | 2 930 | 494 485 |
| Sauda | 1 696 | 158 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 854 | 908 112 | 490 | 0 | 0 |
| Bokn | 3 466 | 121 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 587 | 1 201 312 | 335 | 0 | 0 |
| Tysvær | 6 165 | 269 | 277 | 48 | 0 | 0 | 6 759 | 2 425 997 | 359 | 19 897 | 2 572 980 |
| Karmøy | 6 938 | 449 | 0 | 200 | 0 | 0 | 7 587 | 2 568 887 | 339 | 0 | 0 |
| Vindafjord | 14 912 | 2 198 | 85 | 711 | 0 | 0 | 17 906 | 7 236 346 | 404 | 5 277 | 956 345 |
| Sum 2021 | 86 954 | 10 358 | 434 | 2 290 | 0 | 0 | 100 036 | 37 915 861 | 379 | 67 253 | 12 830 441 |
| Sum 2020 | 84 828 | 18 059 | 519 | 5 033 | 0 | 0 | 108 439 | 35 071 170 | 323 | 75 363 | 12 662 028 |
| Sum 2019 | 128 069 | 25 787 | 666 | 4 935 | 0 | 0 | 159 457 | 61 164 616 | 384 | 49 329 | 8 314 299 |
| Sum 2018 | 84 781 | 15 574 | 99 | 3 665 | 0 | 0 | 104 119 | 39 054 080 | 375 | 45 366 | 9 212 923 |
| Sum 2017 | 110 725 | 17 734 | 0 | 581 | 2 652 | 0 | 131 692 | 39 056 877 | 297 | 46 401 | 9 219 922 |
| Sum 2016 | 137 576 | 17 650 | 40 | 1 454 | 1 547 | 0 | 158 267 | 45 245 985 | 286 | 48 458 | 10 111 986 |
| Sum 2015 | 119 636 | 20 061 | 142 | 1 039 | 362 | 0 | 141 240 | 41 481 392 | 294 | 43 609 | 8 954 578 |
| Sum 2014 | 109 950 | 22 996 | 35 | 2 674 | 50 | 0 | 135 705 | 41 318 788 | 304 | 43 777 | 9 021 558 |
| Sum 2013 | 99 524 | 24 924 | 25 | 4 340 | 777 | 0 | 129 590 | 37 125 284 | 286 | 57 365 | 12 287 261 |
| Sum 2012 | 69 266 | 13 160 | 232 | 2 498 | 365 | 0 | 85 156 | 25 720 836 | 302 | 75 659 | 13 810 566 |
| Sum 2011 | 77 257 | 14 715 | 305 | 4 683 | 0 | 0 | 96 960 | 30 513 613 | 315 | 124 654 | 18 739 117 |
| Sum 2010 | 73 448 | 19 021 | 330 | 3 643 | 0 | 0 | 96 440 | 28 208 363 | 292 | 154 580 | 19 494 303 |
| Sum 2009 | 57 806 | 21 437 | 599 | 3 708 | 0 | 0 | 83 550 | 21 896 285 | 262 | 91 910 | 10 749 692 |
| Sum 2008 | 93 639 | 12 795 | 376 | 4 432 | 0 | 0 | 111 242 | 32 858 845 | 295 | 60 440 | 6 044 162 |
| Sum 2007 | 38 214 | 7 477 | 171 | 4 349 | 0 | 0 | 50 211 | 18 540 237 | 369 | 38 787 | 4 577 995 |
| Sum 2006 | 49 828 | 8 727 | 82 | 4 919 | 0 | 0 | 63 556 | 17 630 725 | 277 | 27 345 | 3 180 986 |
| Sum 2005 | 37 365 | 7 625 | 17 | 5 286 | 0 | 0 | 50 293 | 14 005 655 | 278 | 14 545 | 1 538 797 |
| Sum 2004 | 32 059 | 10 393 | 455 | 8 547 | 0 | 0 | 51 454 | 14 976 126 | 291 | 9 364 | 1 030 258 |
| Sum 2003 | 20 163 | 10 818 | 638 | 10 901 | 0 | 0 | 42 520 | 12 566 061 | 296 | 14 307 | 1 574 618 |
| Sum 2002 | 16 988 | 8 523 | 198 | 8 334 | 0 | 0 | 34 043 | 9 568 529 | 281 | 11 368 | 1 073 284 |
| Sum 2001 | 18 645 | 11 590 | 288 | 9 150 | 0 | 0 | 39 673 | 11 822 698 | 298 | 7 804 | 805 495 |
| Sum 2000 | 18 332 | 9 832 | 488 | 7 768 | 0 | 0 | 36 420 | 10 066 418 | 276 | 14 763 | 1 316 769 |
| Sum 1999 | 18 053 | 11 876 | 754 | 7 412 | 0 | 0 | 38 095 | 10 623 788 | 279 | 11 917 | 1 219 433 |
| Sum 1998 | 15 321 | 10 914 | 633 | 8 918 | 0 | 0 | 35 786 | 10 295 771 | 288 | 10 663 | 1 402 228 |
| Sum 1997 | 24 367 | 11 156 | 502 | 9 298 | 0 | 0 | 45 323 | 12 978 632 | 286 | 7 435 | 520 373 |

## Drift i vanskeleg terreng 2021 (Kjelde: ØKS)

| Kommune | Tal søknader | daa | m3 | kostnad | tilskot | kostnad pr m3 | Tilskot pr m3 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Lund | 1 | 50 | 400 | 92 000 | 28 000 | 230 | 70 |
| Suldal | 6 | 199 | 2 972 | 870 020 | 296 020 | 293 | 100 |
| Sauda | 5 | 255 | 3 400 | 1 253 500 | 303 500 | 369 | 89 |
| Vindafjord | 5 | 577 | 10 225 | 2 756 325 | 908 510 | 270 | 89 |
| Sum 2021 | 17 | 1 081 | 16 997 | 4 971 845 | 1 536 030 | 293 | 90 |
| Sum 2020 | 14 | 754 | 13 196 | 3 077 359 | 1 063 112 | 233 | 81 |
| Sum 2019 | 3 | 318 | 2 441 | 970 546 | 258 400 | 398 | 106 |
| Sum 2018 | 3 | 318 | 3 667 | 1 109 765 | 482 350 | 303 | 132 |
| Sum 2017 | 5 | 279 | 4 596 | 1 479 098 | 762 930 | 322 | 166 |
| Sum 2016 | 5 | 175 | 7 049 | 1 698 713 | 700 220 | 241 | 99 |
| Sum 2015 | 5 | 147 | 2 224 | 755 395 | 350 970 | 340 | 158 |
| Sum 2014 | 7 | 172 | 3 292 | 1 295 292 | 447 895 | 393 | 136 |
| Sum 2013 | 8 | 180 | 5 327 | 2 093 748 | 453 100 | 393 | 85 |
| Sum 2012 | 11 | 129 | 4 243 | 1 382 169 | 354 200 | 326 | 83 |
| Sum 2011 | 6 | 78 | 2 124 | 685 120 | 239 260 | 323 | 113 |
| Sum 2010 | 11 | 271 | 2 488 | 769 430 | 385 960 | 309 | 155 |
| Sum 2009 | 13 | 347 | 3 951 | 1 325 576 | 529 576 | 336 | 134 |
| Sum 2008 | 7 | 120 | 1 111 | 319 740 | 146 800 | 288 | 132 |
| Sum 2007 | 7 | 91 | 1 016 | 316 312 | 133 540 | 311 | 131 |
| Sum 2006 | 9 | 111 | 1 155 | 282 190 | 71 170 | 244 | 62 |
| Sum 2005 | 6 | 74 | 1 024 | 210 888 | 107 706 | 206 | 105 |

## Etablering av skog 2021

| | Klargjøring foryngelsesfelt | | | Markbereiing | | | Felling Nyttbart lauv | | | Nyplanting | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Daa | Kostnad | Tilskot | Daa | Kostnad | Tilskot | Daa | Kostnad | Tilskot | Daa | Planter | Kostnad | Tilskot |
| Eigersund | | | | | | | | | | 85 | 19 600 | 150 000 | 96 205 |
| Haugesund | | | | | | | | | | 95 | 1 400 | 13 210 | 1 085 |
| Sandnes | | | | | | | | | | 82 | 20 400 | 136 766 | 96 899 |
| Sokndal | | | | | | | | | | 23 | 5 700 | 46 450 | 27 645 |
| Lund | | | | | | | | | | 98 | 17 000 | 127 690 | 42 083 |
| Bjerkreim | | | | | | | | | | 98 | 17 900 | 138 410 | 93 986 |
| Klepp | | | | | | | | | | 4 | 400 | 12 240 | 7 344 |
| Strand | | | | | | | | | | 16 | 3 500 | 11 725 | 4 180 |
| Hjelmeland | | | | 33 | 36 065 | 11 550 | | | | 102 | 35 500 | 248 150 | 196 294 |
| Suldal | | | | | | | | | | 182 | 40 000 | 290 750 | 159 366 |
| Bokn | | | | | | | | | | 34 | 5 000 | 37 750 | 22 650 |
| Tysvær | | | | | | | | | | 12 | 2 205 | 16 515 | 10 694 |
| Karmøy | | | | | | | | | | 80 | 17 400 | 77 860 | 28 441 |
| Vindafjord | | | | | | | | | | 330 | 84 800 | 614 462 | 265 541 |
| Sum 2021 | 0 | 0 | 0 | 33 | 36 065 | 11 550 | 0 | 0 | 0 | 1 241 | 270 805 | 1 921 978 | 1 052 413 |
| Sum 2020 | 108 | 18 750 | 13 475 | 8 | 10 500 | 2 800 | 0 | 0 | 0 | 1 654 | 368 835 | 2 488 046 | 1 335 870 |
| Sum 2019 | 16 | 8 330 | 4 605 | 20 | 5 980 | 2 990 | 0 | 0 | 0 | 1 437 | 331 460 | 2 185 462 | 878 011 |
| Sum 2018* | 1 483 | 711 934 | 710 674 | 40 | 17 845 | 17 845 | 0 | 0 | 0 | 4 007 | 969 371 | 5 989 727 | 4 885 285 |
| Sum 2017* | 1 168 | 744 190 | 730 210 | 204 | 160 575 | 125 580 | 14 | 22 880 | 20 592 | 3 003 | 976 728 | 4 285 275 | 3 142 982 |
| Sum 2016 | 151 | 45 580 | 34 176 | 23 | 11 500 | 7 475 | 0 | 0 | 0 | 2 125 | 600 717 | 3 367 137 | 1 935 192 |
| Sum 2015 | 127 | 50 320 | 33 994 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 810 | 430 210 | 2 876 969 | 1 797 750 |
| Sum 2014 | 50 | 11 650 | 7 165 | 35 | 22 018 | 11 550 | 0 | 0 | 0 | 701 | 189 965 | 1 227 304 | 651 229 |
| Sum 2013 | 144 | 48 506 | 33 895 | 0 | 0 | 0 | 3 | 300 | 300 | 1 058 | 262 915 | 1 642 009 | 947 643 |
| Sum 2012 | 26 | 4 850 | 3 615 | 4 | 2 000 | 1 800 | 0 | 0 | 0 | 1 170 | 276 890 | 1 809 211 | 1 221 889 |
| Sum 2011 | 245 | 82 666 | 56 722 | 16 | 8 150 | 5 612 | 0 | 0 | 0 | 1 215 | 282 935 | 1 709 113 | 1 115 662 |
| Sum 2010 | 68 | 20 200 | 15 502 | 2 | 2 000 | 1 800 | 49 | 4 900 | 4 900 | 1 483 | 345 260 | 1 980 725 | 1 310 177 |
| Sum 2009 | 168 | 68 084 | 48 964 | 42 | 25 200 | 10 500 | 0 | 0 | 0 | 1 121 | 266 355 | 1 612 503 | 1 156 805 |
| Sum 2008 | 169 | 60 275 | 47 064 | 8 | 3 200 | 2 240 | 0 | 0 | 0 | 866 | 198 830 | 1 226 629 | 835 555 |
| Sum 2007 | 33 | 12 649 | 9 651 | 0 | 0 | 0 | 23 | 15 900 | 100 | 977 | 214 736 | 1 133 121 | 847 095 |
| Sum 2006 | 17 | 3 200 | 2 400 | 30 | 8 500 | 6 175 | 14 | 1 400 | 1 400 | 976 | 216 620 | 1 192 302 | 835 626 |
| Sum 2005 | | | 0 | 33 | 13 200 | 7 490 | | | 0 | 592 | 132 006 | 662 351 | 157 725 |
| Sum 2004 | 5 | 1 500 | 900 | 24 | 11 232 | 5 839 | | | 0 | 792 | 164 965 | 847 329 | 200 551 |
| Sum 2003 | 35 | 9 547 | 750 | 20 | 8 500 | 6 800 | | | 0 | 567 | 127 105 | 634 116 | 139 281 |
| Sum 2002 | 154 | 80 630 | 52 268 | 94 | 54 400 | 30 775 | 318 | 95 100 | 63 539 | 1 739 | 395 320 | 1 849 001 | 1 109 773 |
| Sum 2001 | 888 | 211 000 | 119 585 | 54 | 20 880 | 12 619 | 579 | 142 900 | 132 200 | 2 363 | 561 327 | 2 595 609 | 1 748 972 |
| Sum 2000 | 538 | 152 330 | 113 348 | 5 | 7 500 | 2 325 | 270 | 46 200 | 1 700 | 2 157 | 510 415 | 2 233 793 | 1 622 884 |
| Sum 1999 | 800 | 204 083 | 117 476 | 108 | 31 215 | 25 047 | 676 | 70 567 | 67 600 | 2 444 | 583 848 | 2 372 182 | 1 885 563 |
| Sum 1998 | 894 | 221 946 | 136 474 | 120 | 28 915 | 22 046 | 314 | 32 000 | 31 400 | 2 804 | 675 400 | 2 521 435 | 2 038 156 |
| Sum 1997 | 478 | 135 952 | 84 176 | 130 | 44 160 | 38 640 | 296 | 29 600 | 30 000 | 1 945 | 472 430 | 1 831 151 | 1 152 532 |

* 2017 og 2018 bærer preg av klimaskogprosjektet både på aktivitetsnivå og med 100% tilskudd, 1153 dekar planta i 2017

## Etterarbeid i ungskogfelt 2021

| | Suppleringsplanting | | | | Gjødsling | | | Ungskogpleie | | | Stammekvisting | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Daa | Planter | Kostnad | Tilskot | Daa | Kostnad | Tilskot | Daa | Kostnad | Tilskot | Daa | Kostnad | Tilskot |
| Eigersund | 76 | 7 450 | 64 035 | 22 287 | | | | 161 | 53 400 | 25 800 | | | |
| Sokndal | | | | | | | | 26 | 30 000 | 24 000 | | | |
| Lund | 38 | 2 000 | 16 750 | 10 845 | | | | 130 | 79 950 | 47 970 | | | |
| Bjerkreim | 56 | 8 425 | 64 670 | 27 112 | 20 | 3 000 | 2 400 | 50 | 15 200 | 10 640 | | | |
| Hå | | | | | 9 | 4 500 | 2 700 | 14 | 10 800 | 6 480 | 45 | 45 000 | 27 000 |
| Klepp | | | | | | | | 66 | 25 600 | 15 360 | 3 | 3 000 | 1 800 |
| Time | 179 | 10 700 | 92 385 | 59 286 | | | | 168 | 121 058 | 72 634 | | | |
| Gjesdal | | | | | | | | | | | | | |
| Strand | 18 | 1 000 | 6 000 | 4 200 | | | | 183 | 114 050 | 91 240 | | | |
| Hjelmeland | 117 | 9 300 | 71 210 | 49 847 | | | | 96 | 51 561 | 36 256 | | | |
| Suldal | 147 | 14 900 | 117 006 | 71 147 | | | | 59 | 40 800 | 20 400 | | | |
| Sauda | 42 | 1 700 | 14 235 | 9 105 | | | | 30 | 18 000 | 7 475 | | | |
| Tysvær | 184 | 18 100 | 106 175 | 28 440 | 8 | 2 400 | 1 200 | 35 | 17 500 | 8 750 | | | |
| Karmøy | | | | | | | | 60 | 48 847 | 32 335 | 11 | 26 550 | 15 930 |
| Vindafjord | 196 | 36 120 | 221 904 | 71 768 | | | | 124 | 75 150 | 37 575 | | | |
| Sum 2021 | 1 053 | 109 695 | 774 370 | 354 037 | 37 | 9 900 | 6 300 | 1 202 | 701 916 | 436 915 | 59 | 74 550 | 44 730 |
| Sum 2020 | 1 589 | 180 444 | 1 226 843 | 856 726 | 130 | 23 334 | 16 701 | 2 108 | 970 612 | 484 901 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 2019 | 1 511 | 158 595 | 944 762 | 352 485 | 179 | 34 694 | 20 024 | 1 590 | 614 713 | 299 086 | 19 | 7 680 | 4 998 |
| Sum 2018 | 443 | 49 210 | 440 978 | 360 296 | 260 | 7 750 | 3 875 | 1 097 | 506 285 | 313 585 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 2017 | 704 | 77 142 | 450 300 | 308 938 | 151 | 29 330 | 17 840 | 1 625 | 797 085 | 483 927 | 43 | 34 400 | 28 080 |
| Sum 2016 | | 53 050 | 168 334 | 119 679 | 70 | 13 600 | 10 880 | 1 693 | 729 420 | 528 697 | 83 | 49 800 | 39 060 |
| Sum 2015 | | 107 220 | 356 705 | 303 476 | 316 | 77 757 | 54 876 | 683 | 361 956 | 245 394 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 2014 | | 45 820 | 141 753 | 123 956 | 201 | 47 990 | 33 204 | 970 | 412 714 | 284 353 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 2013 | | 35 650 | 107 570 | 51 306 | 5 313 | 1 594 648 | 1 314 318 | 2 180 | 879 707 | 729 906 | 0 | 0 | 0 |
| Sum 2012 | | 51 610 | 152 409 | 118 124 | 130 | 32 650 | 20 977 | 1 380 | 496 328 | 384 379 | 188 | 100 850 | 89 190 |
| Sum 2011 | | 19 750 | 30 395 | 20 283 | 109 | 28 700 | 18 770 | 721 | 280 401 | 216 147 | 57 | 27 600 | 22 680 |
| Sum 2010 | | 7 660 | 20 983 | 15 453 | 179 | 29 073 | 24 020 | 1 846 | 811 549 | 659 116 | 134 | 97 423 | 87 258 |
| Sum 2009 | | 3 445 | 8 992 | 6 684 | 97 | 14 762 | 10 657 | 2 241 | 754 614 | 584 619 | 18 | 9 750 | 7 800 |
| Sum 2008 | | 9 080 | 25 444 | 19 328 | 174 | 48 268 | 38 060 | 2 157 | 766 755 | 604 089 | 120 | 74 641 | 66 582 |
| Sum 2007 | | 14 250 | 86 030 | 61 656 | 2 173 | 508 670 | 409 590 | 1 630 | 626 895 | 486 499 | 311 | 138 725 | 123 264 |
| Sum 2006 | | 10 665 | 65 873 | 49 087 | 328 | 42 980 | 33 983 | 1 716 | 645 997 | 442 952 | 195 | 111 951 | 73 045 |
| Sum 2005 | | 3 290 | 18 060 | 9 607 | 219 | 29 740 | 21 074 | 2 272 | 923 816 | 659 207 | 407 | 168 610 | 112 974 |
| Sum 2004 | | 3 460 | 18 800 | 8 806 | 395 | 84 630 | 55 305 | 2 887 | 850 476 | 628 904 | 292 | 116 600 | 84 880 |
| Sum 2003 | | 5 500 | 30 140 | 8 135 | 80 | 12 412 | 375 | 316 | 136 852 | 28 354 | 19 | 9 500 | 2 850 |
| Sum 2002 | | 24 330 | 125 475 | 89 049 | 6 117 | 1 398 983 | 1 106 272 | 3 414 | 990 135 | 713 868 | 610 | 175 883 | 103 496 |
| Sum 2001 | | 28 090 | 146 679 | 108 601 | 973 | 128 265 | 76 167 | 4 538 | 1 426 649 | 744 332 | 209 | 130 354 | 97 436 |
| Sum 2000 | | 33 940 | 181 093 | 132 132 | 2 076 | 392 282 | 289 927 | 3 791 | 1 271 321 | 858 887 | 416 | 245 362 | 185 610 |
| Sum 1999 | | 25 940 | 133 739 | 114 680 | 873 | 135 963 | 96 868 | 5 153 | 1 373 527 | 1 123 883 | 426 | 280 730 | 247 146 |
| Sum 1998 | | 49 000 | 247 591 | 205 022 | 2 525 | 481 397 | 340 910 | 6 044 | 1 605 430 | 1 353 405 | 113 | 44 462 | 37 016 |
| Sum 1997 | | 60 910 | 310 738 | 237 056 | 1 289 | 116 627 | 72 358 | 6 263 | 1 560 303 | 1 348 911 | 63 | 39 024 | 32 507 |

## Skogfondsmidlar 2021

| | | Innbetalingar | | Utbetalingar | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Inngående balanse | Skogfond | Tilskot | Skogkultur | Vegar | Anna | utgående Balanse |
| Eigersund | 1 942 995 | 277 389 | 560 465 | 268 095 | 407 000 | 103 098 | 2 002 656 |
| Stavanger | 1 291 093 | 100 000 | 33 900 | 337 217 | 29 570 | 463 | 1 057 743 |
| Haugesund | 101 944 | 227 650 | 1 085 | 13 210 | 0 | 7 833 | 309 636 |
| Sandnes | 926 853 | 215 356 | 112 399 | 209 015 | 13 255 | 0 | 1 032 339 |
| Sokndal | 353 002 | 57 550 | 56 677 | 70 577 | 0 | 0 | 396 652 |
| Lund | 2 074 173 | 692 727 | 117 247 | 185 252 | 131 681 | 81 780 | 2 485 435 |
| Bjerkreim | 1 841 010 | 128 716 | 256 795 | 221 086 | 65 000 | 13 758 | 1 926 679 |
| Hå | 678 750 | 43 721 | 40 980 | 44 980 | 0 | 117 863 | 600 608 |
| Klepp | 189 150 | 0 | 24 504 | 29 501 | 0 | 1 901 | 182 253 |
| Time | 470 836 | 522 739 | 159 635 | 210 111 | 0 | 0 | 943 099 |
| Gjesdal | 374 131 | 0 | 0 | 0 | 0 | 16 116 | 358 015 |
| Sola | 2 659 | 60 000 | 0 | 0 | | 0 | 62 659 |
| Randaberg | 143 863 | 50 000 | 0 | 123 989 | 0 | 0 | 69 874 |
| Strand | 942 510 | 901 729 | 124 410 | 979 167 | 51 405 | 21 152 | 916 925 |
| Hjelmeland | 4 666 420 | 643 461 | 1 120 083 | 576 707 | 1 177 117 | 125 261 | 4 550 879 |
| Suldal | 5 572 436 | 849 765 | 477 644 | 553 873 | 350 528 | 149 215 | 5 846 229 |
| Sauda | 974 050 | 343 259 | 20 850 | 20 850 | 0 | 0 | 1 317 309 |
| Bokn | 96 080 | 129 115 | 22 650 | 37 750 | 0 | 9 438 | 200 658 |
| Tysvær | 2 117 846 | 693 140 | 172 936 | 478 698 | 0 | 36 630 | 2 468 594 |
| Karmøy | 590 722 | 466 060 | 446 899 | 130 462 | 369 558 | 50 156 | 953 506 |
| Utsira | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Vindafjord | 6 440 260 | 1 292 248 | 1 360 416 | 1 206 926 | 767 827 | 191 167 | 6 927 004 |
| Sum 2021 | 31 790 783 | 7 694 627 | 5 109 575 | 5 697 466 | 3 362 941 | 925 830 | 34 608 748 |
| Sum 2020 | 29 343 073 | 8 794 887 | 7 815 013 | 7 213 302 | 6 141 654 | 807 233 | 31 790 783 |
| Sum 2019 | 24 500 851 | 10 902 105 | 6 695 306 | 5 112 089 | 6 627 677 | 1 015 423 | 29 343 073 |
| Sum 2018 | 22 695 535 | 7 364 019 | 10 348 076 | 8 911 010 | 6 009 119 | 986 649 | 24 500 851 |
| Sum 2017 | 20 750 656 | 8 859 217 | 7 987 926 | 8 852 315 | 5 407 009 | 642 940 | 22 695 535 |
| Sum 2016 | 17 571 114 | 8 878 203 | 4 129 461 | 6 776 031 | 3 121 280 | -69 188 | 20 750 656 |
| Sum 2015 | 15 693 733 | 8 525 194 | 5 948 933 | 6 071 734 | 6 265 031 | 259 980 | 17 571 114 |
| Sum 2014 | 14 049 193 | 6 850 291 | 3 875 496 | 4 416 083 | 4 555 487 | 109 677 | 15 693 733 |
| Sum 2013 | 13 199 585 | 7 272 278 | 6 616 248 | 7 962 939 | 4 851 361 | 224 618 | 14 049 193 |
| Sum 2012 | 13 166 227 | 6 200 389 | 3 586 793 | 5 545 701 | 3 504 228 | 703 894 | 13 199 585 |
| Sum 2011 | 12 139 881 | 7 905 763 | 2 340 804 | 5 884 836 | 2 923 222 | 412 164 | 13 166 227 |
| Sum 2010 | 9 612 782 | 7 825 374 | 3 218 715 | 4 797 983 | 3 413 091 | 305 916 | 12 139 881 |
| Sum 2009 | 8 791 556 | 5 528 478 | 3 734 111 | 4 067 193 | 4 183 640 | 190 531 | 9 612 782 |
| Sum 2008 | 6 753 148 | 5 352 320 | 3 292 899 | 3 310 838 | 2 926 626 | 369 348 | 8 791 556 |
| Sum 2007 | 5 583 467 | 3 371 415 | 2 903 434 | 3 187 266 | 1 719 666 | 198 235 | 6 753 148 |
| Sum 2006 | 4 360 499 | 2 063 337 | 1 910 189 | 2 174 481 | 504 279 | 71 798 | 5 583 467 |
| Sum 2005 | 4 143 644 | 1 520 156 | 1 447 217 | 1 946 041 | 667 782 | 136 695 | 4 360 499 |
| Sum 2004 | 3 726 377 | 1 503 149 | 1 916 301 | 1 690 015 | 1 220 177 | 91 990 | 4 143 644 |
| Sum 2003 | 3 685 969 | 1 861 317 | 1 493 963 | 1 051 506 | 2 175 525 | 87 841 | 3 726 377 |
| Sum 2002 | 3 909 232 | 1 201 087 | 4 673 139 | 3 697 807 | 2 288 409 | 111 273 | 3 685 969 |
| Sum 2001 | 3 581 158 | 1 383 876 | 4 479 352 | 3 455 261 | 1 974 224 | 105 671 | 3 909 232 |
| Sum 2000 | 3 689 941 | 1 283 700 | 5 340 280 | 3 777 558 | 2 812 537 | 142 669 | 3 581 157 |
| Sum 1999 | 3 513 025 | 1 329 375 | 5 604 593 | 4 104 736 | 2 545 168 | 107 148 | 3 689 941 |
| Sum 1998 | 3 609 543 | 1 321 191 | 5 966 071 | 4 705 715 | 2 375 670 | 302 395 | 3 513 025 |
| Sum 1997 | 3 105 342 | 1 666 762 | 4 670 202 | 3 319 584 | 2 382 356 | 130 823 | 3 609 543 |

## Løyvde vegar 2021

| | Bilvegar | | | Traktorvegar | | | Totalt | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Løyvd | Inntrekt | Utbetalt | Løyvd | Inntrekt | Utbetalt | Løyvd | Inntrekt | utbetalt |
| Eigersund | | | | | | | 198 000 | | 327 000 |
| Sokndal | | | | | | | 315 000 | | |
| Bjerkreim | | | | | | | 40 000 | 97 500 | 55 000 |
| Hjelmeland | | | | | | | 1 618 296 | 53 350 | 765 304 |
| Suldal | | | | | | | 806 793 | 275 600 | 145 993 |
| Sauda | | | | | | | 270 000 | | 280 000 |
| Tysvær | | | | | | | 910 700 | 64 680 | |
| Karmøy | | | | | | | 80 000 | | 339 344 |
| Vindafjord | | | | | | | 2 177 778 | 25 081 | 837 702 |
| Sum 2021 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 6 415 567 | 516 211 | 2 560 343 |
| Sum 2020 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 014 909 | 1 632 858 | 3 847 440 |
| Sum 2019 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 383 231 | 69 902 | 3 833 854 |
| Sum 2018 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 031 963 | 250 417 | 3 955 912 |
| Sum 2017 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 112 785 | 87 043 | 2 908 607 |
| Sum 2016 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 120 173 | 86 851 | 1 265 913 |
| Sum 2015 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 080 155 | 1 944 481 | 3 452 460 |
| Sum 2014 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 176 559 | 224 054 | 2 289 745 |
| Sum 2013 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 408 785 | 1 416 730 | 3 093 760 |
| Sum 2012 | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 110 533 | 7 275 | 1 703 339 |
| Sum 2011 | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 167 986 | 56 314 | 879 003 |
| Sum 2010 | 1 630 000 | 428 365 | 628 910 | 810 050 | 126 568 | 474 944 | 2 440 050 | 554 933 | 1 103 854 |
| Sum 2009 | 1 714 013 | 118 917 | 1 290 854 | 494 932 | 0 | 429 157 | 2 208 945 | 118 917 | 1 720 011 |
| Sum 2008 | 1 635 050 | 31 300 | 1 032 083 | 901 300 | 51 337 | 648 467 | 2 536 350 | 82 637 | 1 680 550 |
| Sum 2007 | 1 896 714 | 43 737 | 559 750 | 607 000 | 9 034 | 396 159 | 2 503 714 | 52 771 | 955 909 |
| Sum 2006 | 746 625 | 0 | 90 000 | 576 400 | 0 | 367 021 | 1 323 025 | 0 | 457 021 |
| Sum 2005 | 559 400 | 53 850 | 194 550 | 615 540 | 0 | 284 590 | 1 174 940 | 53 850 | 479 140 |
| Sum 2004 | 350 000 | 110 460 | 262 476 | 543 119 | 9 000 | 642 593 | 893 119 | 119 460 | 905 069 |
| Sum 2003 | 851 520 | 190 125 | 626 003 | 734 450 | 195 999 | 655 907 | 1 585 970 | 386 124 | 1 281 910 |
| Sum 2002 | 91 321 | 8 400 | 268 142 | 1 171 217 | 554 503 | 1 082 664 | 1 262 538 | 562 903 | 1 350 806 |
| Sum 2001 | 1 091 833 | | 683 000 | 1 522 530 | 39 655 | 671 964 | 2 614 363 | 39 655 | 1 354 964 |
| Sum 2000 | 936 681 | 191 756 | 744 925 | 2 089 641 | 943 800 | 1 330 716 | 3 026 322 | 1 135 556 | 2 075 641 |
| Sum 1999 | 849 943 | 129 508 | 1 001 353 | 1 172 853 | 381 059 | 851 271 | 2 022 796 | 510 567 | 1 852 624 |
| Sum 1998 | 1 159 306 | 83 896 | 1 114 268 | 919 215 | 382 284 | 509 615 | 2 078 521 | 446 180 | 1 623 883 |
| Sum 1997 | 901 712 | 988 | 693 047 | 922 469 | 39 737 | 1 000 742 | 1 824 181 | 40 725 | 1 693 789 |

## Ferdigstilte skogsvegar 2021

| | Bilvegar | | Bilveg ombygging | | | Traktorvegar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Kostnad | Meter | Kostnad | Meter | Tilskott | Kostnad | Meter | Tilskott | Sum kostnad | Sum tilskott |
| Eigersund | 150 000 | 200 | 90 000 | 500 | 72 000 | | | | 240 000 | 72 000 |
| Bjerkreim | | | 400 000 | 1 000 | 260 000 | | | | 400 000 | 260 000 |
| Hjelmeland | 1 160 845 | 1 506 | 482 728 | 1 100 | 978 400 | 105 207 | 1 600 | 42 083 | 1 748 780 | 1 020 483 |
| Suldal | 355 171 | 661 | 209 400 | 280 | 286 393 | | | | 564 571 | 286 393 |
| Karmøy | 500 000 | 202 | 253 954 | 248 | 369 558 | | | | 753 954 | 369 558 |
| Vindafjord | 1 588 040 | 1 259 | 249 569 | 248 | 892 690 | | | | 1 837 609 | 892 690 |
| Sum 2021 | 3 754 056 | 3 828 | 1 685 651 | 3 376 | 2 859 041 | 105 207 | 1 600 | 42 083 | 5 544 914 | 2 901 124 |
| Sum 2020 | 4 305 729 | 4 255 | 3 621 640 | 4 497 | 2 357 880 | 2 841 288 | 4 633 | 988 803 | 10 768 657 | 3 346 683 |
| Sum 2019 | 1 205 070 | 1 220 | 3 215 775 | 3 758 | 2 631 295 | 919 403 | 1 388 | 329 237 | 5 340 248 | 2 960 532 |
| Sum 2018 | 1 944 463 | 3 075 | 1 562 989 | 2 463 | 1 646 171 | 3 226 790 | 11 481 | 1 147 572 | 4 789 779 | 2 793 743 |
| Sum 2017 | 948 374 | 741 | 3 234 973 | 5 256 | 2 585 958 | 1 340 734 | 3 694 | 489 261 | 4 575 707 | 3 075 219 |
| Sum 2016 | 449 200 | 535 | 1 312 214 | 7 426 | 839 173 | 1 832 860 | 4 816 | 719 004 | 3 594 274 | 1 558 177 |
| Sum 2015 | 3 585 272 | 4 954 | 1 695 430 | 3 889 | 2 537 364 | 3 855 836 | 7 040 | 1 759 240 | 9 136 538 | 4 296 604 |
| Sum 2014 | 2 111 341 | 1 915 | 3 511 934 | 14 095 | 3 026 029 | 983 476 | 3 080 | 370 438 | 6 606 751 | 3 396 467 |
| Sum 2013 | 2 240 551 | 4 575 | 2 605 535 | 8 025 | 2 474 887 | 1 903 626 | 6 520 | 715 441 | 5 678 137 | 2 714 348 |
| Sum 2012 | 2 272 125 | 2 439 | 418 000 | 500 | 1 042 611 | 1 136 709 | 5 035 | 420 227 | 3 826 834 | 1 462 838 |
| Sum 2011 | 2 081 898 | 6 085 | 453 585 | 1 980 | 850 987 | 994 048 | 3 250 | 360 535 | 3 529 531 | 1 211 522 |
| Sum 2010 | 270 115 | 720 | 1 548 812 | 7 040 | 904 798 | 1 206 439 | 8 305 | 541 120 | 3 025 366 | 1 445 918 |
| Sum 2009 | 183 472 | 332 | 1 205 518 | 2 405 | 649 818 | 1 908 518 | 10 240 | 864 647 | 2 977 508 | 1 514 465 |
| Sum 2008 | 0 | 0 | 871 400 | 6 123 | 445 700 | 775 455 | 3 656 | 320 363 | 1 646 855 | 766 063 |
| Sum 2007 | 255 000 | 700 | 240 000 | 1 000 | 220 000 | 186 415 | 2 730 | 74 566 | 681 415 | 294 566 |
| Sum 2006 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 519 323 | 6 690 | 523 969 | 1 519 323 | 523 969 |
| Sum 2005 | 560 000 | 900 | 246 600 | 2 250 | 403 300 | 689 029 | 2 880 | 285 090 | 1 495 629 | 688 390 |
| Sum 2004 | 151 800 | 300 | 0 | 0 | 68 310 | 1 358 365 | 7 150 | 560 200 | 1 510 165 | 628 510 |
| Sum 2003 | 809 661 | 2 032 | 491 667 | 3 230 | 666 531 | 3 281 355 | 19 200 | 1 352 788 | 4 582 683 | 2 019 319 |
| Sum 2002 | 808 920 | 2 975 | 263 667 | 2 000 | 600 292 | 1 287 663 | 10 660 | 493 098 | 2 360 250 | 1 093 390 |
| Sum 2001 | 1 410 000 | 4 870 | 0 | 0 | 509 500 | 1 573 743 | 13 634 | 664 182 | 2 983 743 | 1 173 682 |
| Sum 2000 | 2 117 997 | 5 095 | 322 730 | 2 160 | 929 368 | 3 182 800 | 23 067 | 1 188 239 | 5 623 527 | 2 117 607 |
| Sum 1999 | 1 708 313 | 4 892 | 201 680 | 707 | 906 265 | 1 939 515 | 13 520 | 780 937 | 3 849 508 | 1 687 202 |
| Sum 1998 | 1 641 589 | 3 861 | 0 | 0 | 885 425 | 1 540 872 | 16 190 | 605 568 | 3 182 461 | 1 490 993 |
| Sum 1997 | 1 684 483 | 8 206 | 87 160 | 620 | 941 439 | 1 985 342 | 18 277 | 673 391 | 3 756 985 | 1 614 830 |

## Sammanstilling mellom hogd og planta areal 2003-2021 endring i barskogareal

| | Endring i barskogareal det einskilde år | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | Heile perioden |
| Eigersund | -1 | 95 | 10 | 56 | 7 | -17 | 19 | 56 | -125 | 39 | 44 | 72 | -32 | -465 | 437 | 254 | -79 | 59 | -26 | 404 |
| Sandnes | 30 | 13 | 38 | -37 | 11 | -118 | -223 | -70 | -297 | -432 | -3 | -224 | 9 | -120 | 107 | -108 | -90 | -71 | -42 | -1 628 |
| Stavanger | -69 | -14 | -6 | -189 | -61 | -137 | -28 | -351 | -43 | -45 | -483 | -217 | 26 | -83 | -8 | -14 | 1 | -9 | 0 | -1 750 |
| Haugesund | -1 | -19 | -58 | -7 | -48 | -98 | -5 | 4 | -9 | -8 | -28 | -7 | -2 | -25 | -4 | -3 | 0 | -14 | 5 | -324 |
| Sokndal | 12 | 0 | 35 | 24 | 15 | -52 | 53 | 16 | 6 | -3 | 0 | 0 | 8 | 0 | -7 | -25 | 8 | -67 | 4 | 28 |
| Lund | 59 | 16 | 34 | -79 | 143 | -101 | 175 | -56 | 21 | 31 | 52 | 40 | -61 | -517 | -68 | -66 | -459 | 113 | -50 | -772 |
| Bjerkreim | 32 | 143 | 28 | 126 | 100 | 32 | 55 | 3 | -16 | 55 | 64 | 91 | -102 | -138 | 0 | 494 | -445 | -23 | -146 | 363 |
| Hå | 0 | 16 | 0 | -22 | -36 | -217 | -61 | -63 | -71 | 3 | -67 | -3 | -193 | -102 | -153 | -88 | -145 | -111 | -96 | -1 408 |
| Klepp | 0 | 0 | 1 | 0 | -7 | -30 | -20 | -9 | -7 | -16 | 24 | 7 | 5 | -35 | -23 | -20 | 21 | -2 | 4 | -108 |
| Time | -12 | -16 | -21 | -25 | -111 | -23 | -30 | -56 | -28 | -23 | -31 | -149 | -113 | 78 | -117 | 34 | 64 | -34 | -408 | -1 021 |
| Gjesdal | 0 | -9 | 0 | 0 | -10 | -84 | -10 | 0 | -65 | -67 | -13 | -30 | -35 | 1 | 126 | 8 | 0 | -27 | -10 | -227 |
| Sola | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 | -49 | 0 | 0 | -2 | 4 | -2 | -3 | -1 | -2 | 0 | 0 | -56 |
| Randaberg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 | 0 | -1 | -12 | 0 | 0 | 0 | -17 |
| Strand | -53 | 3 | -11 | 27 | 1 | -116 | 51 | 21 | -105 | -11 | -147 | -118 | -117 | -13 | -110 | 3 | -29 | -15 | 5 | -732 |
| Hjelmeland | -94 | -173 | -36 | -84 | 11 | -275 | -162 | -81 | -8 | -380 | -587 | -758 | -233 | -1 | -629 | 134 | -323 | -758 | 2 | -4 334 |
| Suldal | -370 | -455 | -376 | -106 | 84 | -172 | -368 | -332 | -206 | -72 | -730 | -1 091 | -815 | 413 | 36 | -411 | -138 | -191 | -9 | -5 306 |
| Sauda | -44 | 35 | -37 | 7 | -30 | -20 | 10 | 9 | -35 | 0 | -120 | -269 | 204 | 65 | -1 | -7 | -184 | 83 | -44 | -378 |
| Bokn | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -19 | -54 | -1 | -9 | -32 | -2 | 0 | -3 | 0 | -54 | -57 | 0 | -43 | -272 |
| Tysvær | -20 | -5 | -91 | -53 | -114 | -71 | -627 | 103 | -48 | -145 | -15 | -9 | -81 | -183 | -20 | 316 | -479 | 62 | -129 | -1 609 |
| Karmøy | -18 | -40 | -38 | 37 | -10 | -100 | -221 | -126 | 72 | -74 | -10 | -3 | -71 | -29 | -14 | 38 | 0 | -172 | -80 | -859 |
| Vindafjord | -13 | -136 | -142 | -278 | -223 | -263 | -53 | -268 | -298 | 65 | -514 | -360 | -318 | -646 | -186 | 537 | -623 | -69 | -115 | -3 801 |
| Sum | -561 | -547 | -671 | -602 | -295 | -1 860 | -1 464 | -1 254 | -1 311 | -1 093 | -2 594 | -3 031 | -1 920 | -1 803 | -629 | 1 010 | -2 850 | -1 246 | -1 189 | -23 810 |

* Berekna areal brukar 50 m3 gran pr dekar og 15m3 furu pr dekar

Hogst i lauvskog og ved er ikkje rekna inn i avverkinga

## Sammanstilling mellom hogd og planta areal 2021

| | Hogst av barskog | | | | Hogst barskog totalt | Planta etter | Netto | Anna tilplanta | Totalt endring |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommune | Gran m3 | Gran dekar * | Furu | Furu dekar * | Dekar | barskog | foryngjing | areal | i barskogareal |
| Eigersund | 1 535 | 31 | 1 201 | 80 | 111 | 78 | -33 | 7 | -26 |
| Sandnes | 6 051 | 121 | 50 | 3 | 124 | 71 | -53 | 11 | -42 |
| Stavanger | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Haugesund | 4 523 | 90 | 0 | 0 | 90 | 9 | -81 | 86 | 5 |
| Sokndal | 935 | 19 | 0 | 0 | 19 | 23 | 4 | 0 | 4 |
| Lund | 5 704 | 114 | 511 | 34 | 148 | 57 | -91 | 41 | -50 |
| Bjerkreim | 4 694 | 94 | 2 251 | 150 | 244 | 92 | -152 | 6 | -146 |
| Hå | 4 037 | 81 | 223 | 15 | 96 | 0 | -96 | 0 | -96 |
| Klepp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 | 4 | 0 | 4 |
| Time | 13 334 | 267 | 2 124 | 142 | 408 | 0 | -408 | 0 | -408 |
| Gjesdal | 523 | 10 | 0 | 0 | 10 | 0 | -10 | 0 | -10 |
| Sola | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Randaberg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Strand | 534 | 11 | 0 | 0 | 11 | 16 | 5 | 0 | 5 |
| Hjelmeland | 3 957 | 79 | 320 | 21 | 100 | 2 | -98 | 100 | 2 |
| Suldal | 7 950 | 159 | 483 | 32 | 191 | 182 | -9 | 0 | -9 |
| Sauda | 1 696 | 34 | 158 | 11 | 44 | 0 | -44 | 0 | -44 |
| Bokn | 3 466 | 69 | 121 | 8 | 77 | 34 | -43 | 0 | -43 |
| Tysvær | 6 165 | 123 | 269 | 18 | 141 | 12 | -129 | 0 | -129 |
| Karmøy | 6 938 | 139 | 449 | 30 | 169 | 80 | -89 | 0 | -89 |
| Vindafjord | 14 912 | 298 | 2 198 | 147 | 445 | 319 | -126 | 11 | -115 |
| Sum 2021 | 86 954 | 1 739 | 10 358 | 691 | 2 430 | 979 | -1 451 | 262 | -1 189 |
| Sum 2020 | 84 828 | 1 697 | 18 059 | 1 204 | 2 900 | 1 388 | -1 512 | 266 | -1 246 |
| Sum 2019 | 128 069 | 2 561 | 25 787 | 1 719 | 4 281 | 1 360 | -2 921 | 68 | -2 853 |
| Sum 2018 | 84 781 | 1 696 | 15 574 | 1 038 | 2 734 | 1 778 | -956 | 1 966 | 1 010 |
| Sum 2017 | 110 725 | 2 215 | 17 734 | 1 182 | 3 397 | 1 821 | -1 576 | 1 047 | -529 |
| Sum 2016 | 137 576 | 2 752 | 17 660 | 1 177 | 3 928 | 1 955 | -1 973 | 170 | -1 803 |
| Sum 2015 | 119 636 | 2 393 | 20 061 | 1 337 | 3 730 | 1 628 | -2 102 | 182 | -1 920 |
| Sum 2014 | 109 950 | 2 199 | 22 996 | 1 533 | 3 732 | 585 | -3 147 | 116 | -3 031 |
| Sum 2013 | 99 524 | 1 990 | 24 924 | 1 662 | 3 652 | 867 | -2 785 | 191 | -2 594 |
| Sum 2012 | 69 266 | 1 385 | 13 160 | 877 | 2 263 | 998 | -1 265 | 172 | -1 093 |
| Sum 2011 | 77 257 | 1 545 | 14 715 | 981 | 2 526 | 1 048 | -1 478 | 167 | -1 311 |
| Sum 2010 | 73 446 | 1 469 | 19 021 | 1 268 | 2 737 | 1 089 | -1 648 | 394 | -1 254 |
| Sum 2009 | 57 806 | 1 156 | 21 437 | 1 429 | 2 585 | 613 | -1 972 | 508 | -1 464 |
| Sum 2008 | 93 639 | 1 873 | 12 795 | 853 | 2 726 | 644 | -2 082 | 222 | -1 860 |
| Sum 2007 | 38 214 | 764 | 7 477 | 498 | 1 263 | 623 | -640 | 354 | -286 |
| Sum 2006 | 49 828 | 997 | 8 727 | 582 | 1 578 | 542 | -1 036 | 434 | -602 |
| Sum 2005 | 37 365 | 747 | 7 625 | 508 | 1 256 | 409 | -847 | 183 | -664 |
| Sum 2004 | 32 059 | 641 | 10 393 | 693 | 1 334 | 485 | -849 | 307 | -542 |
| Sum 2003 | 20 163 | 403 | 10 818 | 721 | 1 124 | 312 | -812 | 255 | -557 |
| Sum 2002 | 16 988 | 340 | 8 523 | 568 | 908 | 564 | -344 | 1 175 | 831 |
| Sum 2001 | 18 645 | 373 | 11 590 | 773 | 1 146 | 869 | -277 | 1 494 | 1 217 |
| Sum 2000 | 18 332 | 367 | 9 832 | 655 | 1 022 | 642 | -380 | 1 515 | 1 135 |
| Sum 1999 | 18 053 | 361 | 11 876 | 792 | 1 153 | 784 | -369 | 1 660 | 1 291 |
| Sum 1998 | 15 321 | 306 | 10 914 | 728 | 1 034 | 991 | -43 | 1 813 | 1 770 |
| Sum 1997 | 24 367 | 487 | 11 156 | 744 | 1 231 | 658 | -573 | 1 287 | 714 |

* Berekna areal brukar 50 m3 gran pr dekar og 15m3 furu pr dekar

Hogst i lauvskog og ved er ikkje rekna inn i avverkinga

## Bruk av rentemiddlar 2021

| Rentemiddeldistrikt | Innestående 1.1.2021 | Innvunne renter | Overføring frå kommunane | Overføringar til og frå prosjekt med meir | Administrasjon av skogfond * | Informasjon og rettleiing | Tilskot til organisasjonar | Skogbruksplanlegging | Teknisk utstyr | Prosjekt | Andre Føremål | Overføring til Statsforvaltaren | Overføring til Skogselskapet Vest | Overføring til LMD | Innestående 31.12.2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Statsforvaltaren i Rogaland | 137 197 | | -71 900 | -10 000 | 1 880 | 33 100 | 25 000 | | | | 27 000 | | | | 132 117 |
| Eigersund | 322 781 | -38 549 | | | | 6 750 | | | | | 1 181 | 10 900 | 16 600 | | 325 899 |
| Stavanger | 181 160 | -11 613 | | | | | | | | | | 2 800 | 4 200 | | 185 773 |
| Sandnes | 172 272 | -9 619 | | | | 7 053 | | | 12 760 | | | 2 300 | 3 400 | | 156 376 |
| Lund | 164 016 | -19 601 | | | | | | | | | | 4 900 | 7 400 | | 171 317 |
| Hå | 58 819 | -6 578 | | | | | | | | | | 1 400 | 2 200 | | 61 797 |
| Time | 101 448 | -5 726 | | | | 5 000 | | | | | | 2 400 | 3 600 | | 96 174 |
| Gjesdal | 27 756 | -4 087 | | | | 10 000 | | | | | | 1 200 | 1 800 | | 18 843 |
| Strand | 90 369 | -8 597 | | | | 3 095 | | | | | | 1 200 | 1 800 | | 92 871 |
| Hjelmeland | 352 728 | -41 274 | | | | 6 540 | | | 3 417 | | | 9 700 | 14 600 | | 360 745 |
| Suldal | 308 820 | -47 937 | | | | 40 000 | | | | | | 12 900 | 19 400 | 3 200 | 281 257 |
| Sauda | 53 165 | -8 867 | | | | 4 000 | | | | | | 2 400 | 3 600 | | 52 032 |
| Tysvær | 356 646 | -23 299 | | | | 4 700 | | | | | | 5 700 | 8 500 | | 361 047 |
| Karmøy | 54 141 | -8 256 | | | | | | | | | | 1 000 | 1 600 | | 59 797 |
| Vindafjord | 238 108 | -56 161 | | | | 18 550 | | | | | | 13 100 | 19 600 | 3 200 | 239 819 |
| Sum 2021 | 2 619 426 | -290 164 | -71 900 | -10 000 | 1 880 | 137 788 | 25 000 | 0 | 16 177 | 0 | 28 181 | 71 900 | 108 300 | 6 400 | 2 595 866 |
| Sum 2020 | 2 559 970 | -357 732 | -97 600 | -45 000 | 31 941 | 41 339 | 25 000 | 0 | 0 | 38 505 | 4 120 | 97 600 | 146 900 | 23 470 | 2 619 426 |
| Sum 2019 | 2 474 213 | -484 622 | -78 200 | -45 000 | 125 803 | 33 849 | 46 446 | 0 | 68 505 | 25 000 | 18 942 | 78 200 | 117 700 | 7 620 | 2 559 970 |
| Sum 2018 | 2 409 716 | -389 104 | -64 000 | -5 371 | 48 444 | 70 478 | 7 000 | 0 | 92 250 | 0 | 13 849 | 64 000 | 96 800 | 1 157 | 2 474 213 |
| Sum 2017 | 2 640 655 | -321 785 | -58 900 | -31 450 | 19 028 | 84 280 | 28 000 | 0 | 42 000 | 15 000 | 28 380 | 58 900 | 65 100 | 322 386 | 2 409 716 |
| Sum 2016 | 2 583 916 | -301 474 | -62 000 | 0 | 15 020 | 39 506 | 27 500 | 0 | 0 | 0 | 43 802 | 72 390 | 108 588 | 3 246 | 2 563 916 |
| Sum 2015 | 2 518 810 | -316 019 | -72 390 | 0 | 29 546 | 60 765 | 20 000 | 71 157 | 995 | 0 | 6 815 | 72 390 | 108 588 | 3 246 | 2 563 916 |
| Sum 2014 | 2 397 839 | -361 978 | -75 200 | 0 | 8 362 | 68 953 | 23 500 | 0 | 0 | 0 | 3 755 | 75 200 | 113 300 | 21 700 | 2 518 810 |
| Sum 2013 | 2 337 065 | -381 645 | -91 900 | 0 | 12 270 | 47 683 | 23 500 | 0 | 0 | 40 000 | 41 020 | 90 800 | 136 400 | 34 900 | 2 397 839 |
| Sum 2012 | 2 111 941 | -464 741 | -86 200 | 0 | 5 691 | 31 571 | 27 500 | 0 | 0 | 0 | 4 744 | 86 200 | 129 700 | 22 600 | 2 354 876 |
| Sum 2011 | 1 929 012 | -436 110 | -67 300 | 0 | 4 327 | 67 772 | 20 000 | 0 | 20 484 | 0 | 27 699 | 67 300 | 101 400 | 11 500 | 2 111 941 |
| Sum 2010 | 1 770 354 | -342 423 | -63 700 | 0 | 4 286 | 20 892 | 12 000 | 0 | 16 000 | 0 | 21 415 | 63 700 | 96 100 | 11 600 | 1 929 012 |
| Sum 2009 | 1 767 606 | -324 009 | -98 000 | 0 | 2 953 | 46 246 | 27 500 | 0 | 4 158 | 24 720 | 36 885 | 98 000 | 147 700 | 31 100 | 1 770 354 |
| Sum 2008 | 1 418 451 | -496 769 | -45 800 | 0 | 8 100 | 39 548 | 10 000 | 0 | 14 690 | 0 | 6 177 | 45 800 | 69 100 | 0 | 1 767 606 |
| Sum 2007 | 1 311 297 | -232 928 | -25 100 | 0 | 2 159 | 14 392 | 15 000 | 0 | 14 833 | 10 000 | 31 490 | 25 100 | 37 900 | 0 | 1 418 451 |
| Sum 2006 | 1 253 328 | -129 090 | -19 800 | 0 | 2 916 | 16 373 | 5 575 | 0 | 15 000 | 0 | 1 258 | 19 800 | 30 000 | 0 | 1 311 297 |
| Sum 2005 | 1 199 464 | -102 116 | -20 900 | 0 | 5 850 | 34 884 | 5 000 | 0 | 1 509 | 8 650 | 3 610 | 19 600 | 26 700 | 0 | 1 253 328 |
| Sum 2004 | 1 316 958 | -107 563 | -53 500 | 0 | 4 329 | 30 082 | 18 000 | 0 | 30 021 | 0 | 13 610 | 53 500 | 80 700 | 0 | 1 247 779 |
| Sum 2003 | 1 268 811 | -270 880 | -71 402 | 0 | 2 220 | 45 084 | 21 000 | 0 | 11 311 | 0 | 35 722 | 71 400 | 107 400 | 0 | 1 316 958 |
| Sum 2002 | 1 126 637 | -384 531 | -72 400 | 0 | 1 421 | 58 087 | 30 047 | 0 | 5 553 | 0 | 38 249 | 72 400 | 109 000 | 0 | 1 268 811 |
| Sum 2001 | 937 857 | -365 323 | -51 700 | 0 | 775 | 38 826 | 17 839 | 0 | 3 088 | 23 933 | 14 281 | 51 700 | 77 800 | 0 | 1 126 637 |
| Sum 2000 | 859 998 | -261 587 | -46 400 | 0 | 0 | 27 554 | 19 000 | 0 | 3 033 | 39 069 | 17 373 | 46 400 | 77 700 | 0 | 937 857 |
| Sum 1999 | 722 197 | -260 806 | -33 699 | 0 | 0 | 25 152 | 16 000 | 0 | 660 | 3 000 | 21 682 | 33 700 | 56 600 | 0 | 859 998 |
| Sum 1998 | 627 323 | -190 263 | -25 649 | 0 | 28 | 21 965 | 7 500 | 0 | 2 295 | 5 000 | 15 763 | 25 648 | 42 620 | 0 | 722 197 |
| Sum 1997 | 576 092 | -142 751 | -27 199 | 0 | 6 | 10 114 | 10 000 | 0 | 440 | 18 500 | 7 161 | 27 100 | 45 400 | 0 | 627 323 |

* I 2019 blei det gjort ei opprydding i kontoar med negativ saldo. Noko av dette blei dekka av rentemidlar.

# Bonde Kompaniet



# Alt du trenger!

Vi har gode tilbud på kvalitetsprodukter til skogsarbeidet.



Klær og verneutstyr



Vedsekker og stativ





Drivstoff og olje





Stort utvalg av motorsager og tilbehør

Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

## Velkommen til våre 21 butikker!

**Vestland:** Etne / Kvinnherad / Stord **Rogaland:** Bryne / Egersund / Haugesund / Klepp / Randaberg / Sandnes / Stavanger / Varhaug / Vikeså / Årdal **Agder:** Rigetjønn / Sørlandsparken / Flekkefjord / Lyngdal / Mandal / Evje / Grimstad / Tvedestrand

**bondekompaniet.no**